



SELJE KOMMUNE

Driftsutvalet

Møtebok

Møtedato: 14.03.2013

Møtetid: Kl. 15:00 – 18:15

Møtested: Kommunehuset, 3. etg.

Saksnr.: 007/13 - 019/13

Følgjande medlemmer møtte

KRF: Stein Robert Osdal. TP: Gunnar Silden, Stine Aase Myhre. FRP: Marit Swensen.

Følgjande medlemmer møtte ikkje

TP: Terje Ødegård. FRP: Svein Hansen. H: Eva Janne T. Årvik.

Følgjande varamedlemmer møtte

TP: Judith Kvåle. FRP: Anne Lise Drage. H: Kjetil Vetrhus

Følgjande frå administrasjonen møtte

Kommunalsjef Oppvekst Bård Fløde møtte i sak 10/13 og 11/13.

Kommunalsjef Helse og omsorg Åse Elin Hole møtte i saka 15/13 tom 19/13.

Rådmann Reidar Sandviknes, som og førte møteboka.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

Sakene vart handsama i denne rekkefølga: 7-10-11-15-16-17-18-8-9-12-13-14.

I starten av møtet var det dialogmøte Skule.

Representantar frå skulane var:

Kommunalsjef Oppvekst Bård Fløde.

Tenesteleiar og leiar PPR Ingrid Stave

Rektorane Sylvi Olsson, Kristin O. Aarsnes, Ellen Rundereim og fung. rektor Svein Barmen.

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
007/13	Godkjenning av møtebok
008/13	Delegasjonssaker
009/13	Referatsaker
010/13	Grunnskulen i Selje kommune - Tilstandsrapportering 2013
011/13	Lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune - Vedtak om høyring
012/13	Endring forskrift - Fellingskvote og minsteareal
013/13	SMIL 2013 - Søknad om tilleggsøyving
014/13	Kommunal veg, Salt - Endring fartsgrense
015/13	Permanent mottaksordning for personar utsette for seksuelle overgrep - Tilslutnad til ordninga
016/13	Legevakttelefon i Nordfjord - Godkjenning av kostnadsramme
017/13	Ny driftsmodell for Nordfjord legevakt
018/13	Felles øyeblikkeleg hjelp-senger med døgnopphald for kommunane Selje, Vågsøy, Eid, Hornindal og Stryn - Godkjenning av forprosjektrapport og oppstart av tilbodet
019/13	Særavtale om døgntilbod for øyeblikkeleg hjelp

Tilleggsaker: Ingen

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	14.03.2013	007/13

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 13/217
---	----------------------	-----------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 17.01.13 og e-postmøte 01.02.13 vert godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 14.03.2013

7 voterande.

KU-007/13 VEDTAK

Møteboka frå møte 17.01.13 og e-postmøte 01.02.13 vert godkjent slik dei ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	14.03.2013	008/13

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 13/215
---	----------------------	-----------------------------

Delegasjonssaker

DKU. 005/13: Gbnr 72/4 - Byggsak - Driftsbygning - Per Ove og Else Våge

DKU. 006/13: Gbnr 56/65 - Byggsak - Garasje - Odd Knutsen

DKU. 007/13: Gbnr. 78/35 - Byggsak - Garasje og altan - Roy Henning Rundereim

DKU. 008/13: Gbnr. 58/80 - Byggsak - Garasje - Maurstad Arve

DKU. 009/13: Gbnr. 23/49 - Byggsak - Tilbygg lagerbygg - Honningsvåg Maskin AS

DKU. 010/13: Gbnr. 21/28 - Byggsak - Tilbygg barnehage - Selje kommune

DKU. 012/13: Gbnr. 72/30 - Byggsak/dispensasjonssøknad - Tilbygg - Siv Irene og Arild Hoddevik

DKU. 014/13: Gbnr. 56/1 - Byggsak - Flytebrygge - Selje kommune

DKU. 015/13: Gbnr. 56/65 - Byggsak - Garasje - Odd Knutsen

DKU. 016/13: Gbnr. 59/27 - Byggsak - Garasje - Rene Schenke

DKU. 020/13: Gbnr. 5/1 - Byggsak - Tilbygg bustadhus- Kåre Sørensen

DKU. 022/13: Produksjonstilskot pr 20.08.2012 - klage - Marit Køstøl - mauell utbetaling

DKU. 023/13: Produksjonstilskot pr 20.08.2011 - klage - Leif Magne Berge - manuell utbetaling

DKU. 024/13: Produksjonstilskot pr 20.08.2012 - mauell utbetaling - Vidar Dalsbø, gbnr. 44/6

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 14.03.2013

7 voterande.

KU-008/13 VEDTAK

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	14.03.2013	009/13

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 13/216
---	----------------------	-----------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Tilleggsreferat:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	13/254	U	18.01.2013	Statens Vegesen	Regional transportplan, behov for gang- og sykkelveggar
2	13/851	I	19.02.2013	Helsedirektoratet	Innspel frå Selje kommune Høyring av AD/HD - Nasjonal faglig retningslinje for utredning, behandling og oppfølging
3	13/881	I	19.02.2013	Statens vegvesen - Region Vest	Avslag på søknad - Særskild fartsgrense FV 633 Ferstad
4	13/942	I	18.02.2013	Statens vegvesen	Vedtak trafikktryggingmidlar
5	13/640	U	08.02.2013	NVE	Dam Djupedalsvatn, kommentar-søknad om utsetting av fristar.
6	13/878	I	08.02.2013	Noregs vasdrags- og energidirektorat - NVE	Svar på søknad om utsetting av fristar

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 14.03.2013

7 voterande.

KU-009/13 VEDTAK

Referat 1 – 6 vart teke til vitande.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	14.03.2013	010/13
Kommunestyret	20.03.2013	023/13

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Bård Fløde	FA-A20	12/587

Grunnskulen i Selje kommune - Tilstandsrapportering 2013

Saka gjeld

ÅRLEG TILSTANDSRAPPORTERING FOR GRUNNSKULEN I SELJE KOMMUNE

Tilstandsrapportering 2013

Frå Utdanningsdirektoratet (Skoleporten):

«Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skuleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld.nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.»

Den årlege tilstandsrapporteringa har vore gjort på ulike måtar dei siste åra. Gjennom programmet "Den gode skuleeigar" og i rektorkollegiet har det vore drøfta ulike måtar å gjere dette på. Årets tilstandsrapportering tek utgangspunkt i erfaringane frå tilsvarande prosess i 2012. I det som her vert presentert, ligg kommunalsjef si samanstilling av resultat, prosessar og dialogar. Det vil bli gjort ei evaluering etter gjennomført rapportering i 2013. Det kan bli tale om å utarbeide ein mal for prosessane/ dialogane/rapporteringa.

Grunnskulen i Selje kommune tek utgangspunkt i kva nyare forskning seier om skuleutvikling. Denne forskinga er samstemt på at skulane må ha fokus på nokre få utvalde samtidige tema for å få til utvikling. Forskinga seier også at skuleeigar må ta aktivt del i skuleutviklinga, og koordinere arbeidet i skulane i kommunen.

Politisk og administrativ leiing i kommunen har vél eit år vore med i programmet Den gode skuleeigar i regi av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Målet med dette programmet var å setje fokus på skuleeigarrolla, og at særleg politisk nivå i kommunane er seg bevisst rolla som skuleeigar.

I dialogmøtet med Driftsutvalet vinteren 2012 vart det frå skulane synt til eit utval av område som skulle ha særskild merksemd i åra som kjem. Resultata på nasjonale prøver dei siste åra synte behov for ekstra merksemd på lesing som grunnleggjande ferdigheit.

I åra 2010- 2012 hadde vi i Selje eit særskilt fokus på undervegsvurdering (vurdering for læring). Vi deltok også i eit utviklingsprosjekt i regi av Utdanningsdirektoratet. Satsinga galt ei omlegging av praksis kva gjeld måten å gje elevane fortløpande vurdering, samt å involvere dei i vurderinga av eiga læring på ein god og utviklande måte. Arbeidet med å implementere denne praksisen i skulane våre, held fram. Vi har sett at ein føresetnad for god læring, er god kommunikasjon og gode relasjonar mellom læraren og elevane – og elevane seg imellom. Temaet "klasseleiing" er difor eit av dei satsingsområda skulane i Selje kommune vil arbeide særskilt med dei kommande åra.

Som ein lekk i dette arbeidet, har Selje kommune og Vågsøy kommune etablert eit samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane der vi har fått høgskulen til å legge samlingane i eit studium til Bryggja. Vågsøy og Selje har til saman meir enn 20 studentar på dette studiet no. Selje har med ni studentar. Studiet blir finansiert av statlege midlar. Målet med dette er å tilføre skulane våre kompetanse i temaet. Studentane skal arbeide saman med kollegiet på skulen sin om innhaldet i studiet. Rektor legg til rette for dette, og må vere drivkrafta i arbeidet. Vi kjem attende til dette.

Som Driftsutvalet vart orientert om i dialogmøtet 2012, genererer Utdanningsdirektoratet ein tilstandsrapport for kommunane samla, der dei nasjonale målingane vert samanstillt og presenterte. I dialogmøtet 2012 vart heile denne tilstandsrapporten presentert og gjennomgått. I 2013 har vi teke konsekvensane av det vi innleiingsvis skriv om nyare forskning, og konsentrerer tilstandsrapporteringa om dei utvalde fokusområda. Vi vil likevel kort gje ei omtale av breidda også.

Med utgangspunkt i dei utvalde fokusområda, ga kommunalsjef rektorane tidleg hausten 2012 i oppdrag å legge opp til dialogar kring skulen sine målingar og evalueringar på desse områda. Vi ynskte å involvere dei ulike partane i skulesamfunnet i desse drøftingane: lærarane, elevane og foreldra. Tilstandsrapporteringa 2013 blir difor å gje politisk nivå informasjon om desse målingane, dialogane og kva som er kome ut av dialogane.

LESING

Rektorkollegiet tok på i byrjinga av 2012 konsekvensane av evalueringar som synte at leseopplæringa ikkje innfridde forventningane. To lærarar fekk ei kompetanseheving på området, og det vart gjort ein start på dette fokuset gjennom ei fellessamling for alle lærarane våren 2012. Temaet var "lesing i alle fag". Dette betyr at *alle* lærarane skal ha medansvar for leseopplæringa – uansett kva fag dei underviser i. I større eller mindre grad les elevane i alle faga. Det er difor viktig for ei samla leseopplæring at alle lærarane tek slikt medansvar gjennom lesinga som vert gjort i faga. Det vart starta opp eit felles fokus på lesing i lærarkollegia, faglitteratur om leseopplæringa vart kjøpt inn, og ein del av fellestida vart nytta til temaet. På fellesdagen for lærarane før skulestart i august, var det på nytt sett av ei økt der lesing var tema. Her vart det sett særskilt på korleis lesing som grunnleggande ferdigheit er uttrykt i kompetansemåla i dei ulike faga. Det vart også sett på i kva grad kartleggingsprøver og dei nasjonale prøvene i lesing inneheld oppgåver knytt til dei ulike aspekta i kompetansemåla.

Ein tanke med det felles arbeidet med lesing, er å kunne utarbeide ein leseplan – ein plan som seier noko om kva ein skal vektlegge på dei ulike klassetrinna – ei samling metodiske tips og verkty – og eit system for oppfølging av klassar og einskildelevar kva gjeld utvikling av leseferdigheitane.

Ei anna viktig side av lesing, er samarbeidet med heimane. Både erfaring og forskning understrekar foreldra si betydning for leseopplæringa: det er svært viktig at heimane stimulerer borna til lesing. Eit utslag av den nyleg innførde leksehjelpa, er at der det vert arbeidd med lesing under leksehjelpa, har dette førd til mindre lesing heime, ja mindre lesing totalt sett. Samarbeidet med foreldra om leseopplæringa må ta til under ”foreldreskulen” før og under skulestart. Foreldreskulen er ei kursing/ innføring for foreldre før – og i starten – på skuleløpet.

Tilbakemelding frå skulane tilseier at rektor må etterspørje korleis det vert jobba med lesing i klassane. Tilrettelegging for utveksling av tips og verkty i kollegiet, syner gode resultat. Utarbeiding av materiell til ”leseverkstad” er døme på gode tilnæringsmåtar for å betre leseferdigheitane hjå elevane. Vi ser også at det må særskilt vektleggast startopplæringa i første klasse. Også her kan vi med fordel tenkje saman i kommunen. Ja, vi samarbeidet no også i heile regionen på dette: frå våren 2013 skal det arrangerast kurs for 1.-klasselærarane i Nordfjord – eit kurs vi tenkjer skal gå kvar vår framover.

Her kan det også nemnast at kurssamarbeidet i Nordfjord dei siste åra har hatt fokus på felles satsingsområde for regionen. T.d. var kursa to år særskilt retta inn mot ”vurdering for læring” – eit fokusområde regionen hadde felles. Lesing er eit anna felles fokus, noko som vil gje utslag for kursa til hausten, og venteleg neste år.

Det er i dag tilgjengeleg nye gode verkty for å analysere resultatata på dei nasjonale prøvene. Prøveresultatata blir ”mata” inn i eit verkty, og ein får ”brote ned” resultatata på ein måte som seier noko om dei ulike delane av lesefaget. Her kjem det fram sterke og svake sider, som gjev lærarane informasjon om kva som må vektleggast innan lesefaget i tida som kjem. Bruk av slike verkty, og innsamling og utveksling av ulike metodar og verkty for å jobbe med ”svakheitene”, kan gje gode resultat for den samla leseopplæringa, og den einskilde si leseutvikling.

Det må her understrekast at kartleggingsprøvene og dei nasjonale prøvene ikkje er den viktigaste informasjonen om korleis elevane står i faget: det er den vurderinga lærarane gjer av den einskilde eleven undervegs, som er den viktigaste informasjonen. Men kartleggingsprøvene og dei nasjonale målingane er ein måte å få stadfeste vurderingane, og gje verdfull tilleggsinformasjon og evt. korrigeringar langs med.

Rektorane melder også at det må arbeidast godt med dei lokale læreplanane: kompetansemåla i den nasjonale læreplanen Kunnskapsløftet, må brytast ned på klassetrinn og tilpassast lokale tilhøve. No er alle dei fire skulane i kommunen etterkvart blitt fådeltskular (elevtalet er så lågt at klassetrinn skal slåast saman -- etter dei gamle klassesdelingsreglane). Dette får også konsekvensar for korleis dei lokale læreplanane vert utforma for å tilrettelegge for undervisning i samanhaldne klassar/ grupper.

I arbeidet med ”lesing” som grunnleggjande ferdigheit, ser vi at dette handlar om så mykje meir enn ”berre” lesinga: det handlar om samanhangane mellom leseforståing, vurderingsarbeidet, klasseleiing, foreldresamarbeidet og læringsmiljøet. Vi må difor ha ei

svært brei tilnærming til dette arbeidet, og også her sjå dei store samanhangane i arbeidet i skulane våre.

KLASSELEIING

Ein føresetnad for god læring i skulen, er at det er gode relasjonar mellom elevane og læraren og elevane seg imellom. Med gode mellommenneskelege relasjonar, kan ein etablere gode arbeidsvanar, og legge til rette for godt læringsarbeid i klassane.

Faglitteraturen presenterer ei rekkje verkty for god klasseleiing. Forsking syner kva element som verkar, og som ein dermed bør vektlegge. Å leie ei klasse kan lærast. Difor er det viktig å legge til rette for kompetanseheving på dette feltet. Kompetanseheving gjennom vidareutdanning kombinert med godt utviklingsarbeid i kollegiet, er ein vanleg strategi. Som nemnt ovanfor, har vi godt samarbeid med høgskulen "vår" om dette emnet. I samarbeid med Statped Vest vart det i siste skuleår drive regionale prosjekt på ungdomstrinnet i klasseleiing. Staten signaliserer at temaet også kjem som nasjonalt satsingsområde – først på ungdomstrinnet. Gjennom den obligatoriske nasjonale satsinga på ungdomstrinnet, GNIST, har Selje vald tema lesing og klasseleiing. Dette nettopp for å ha eit samla fokus på få utvalde tema.

Arbeidet med klasseleiing betyr også arbeid for ein meir førutseibar kvardag for elevane. Der lærarane har stort sett dei same reglane for samhandling, er det lettare for elevane å vite kva som er forventet av dei, og dermed lettare kunne gjere gode val. Då slepp dei oppleve ulike regelsett i samvær med ulike lærarar. Betydninga av dette, får vi m.a. stadfesta gjennom elevundersøkinga. Gjennom meir og betre struktur på timane, kan vi oppnå meir effektiv bruk av samla tid, og meir ro til gode læringsøker.

LÆRINGSMILJØET

Læringsmiljøet, og då særskilt det psykososiale læringsmiljøet, har vore i fokus dei siste åra. Arbeidet med både det førebyggjande arbeidet, og arbeidet med gode rutinar for å fange opp uheldige innslag, skal ha fokus også framover. Våren 2013 har dessutan Fylkesmannen varslet tilsyn med dette på to av skulane våre. Vi må sjå på eit slikt tilsyn som ei hjelp til å få ei best muleg utvikling på området. Sjølv om det berre er to av skulane som er tekne ut til tilsynet frå Fylkesmannen, ynskjer vi å dra med alle fire skulane inn i prosessen både før og etter tilsynet. Vi har som mål å lage eit felleskommunalt grunnlag for rutinar knytt til læringsmiljøet. Noko av dette er gjort gjennom eit felles ordensreglement for grunnskulen i kommunen. Vi ynskjer no å utvikle eit felles program eller ein felles plan for arbeidet med læringsmiljøet.

Ein del av resultatene på dei nasjonale målingane relaterer seg til sider av læringsmiljøet. Det er her ei positiv utvikling kva gjeld mobbing i elevundersøkinga.

Arbeidet med læringsmiljøet handlar eigentleg om det meste i skulen – det handlar om *samanhangane* i alt vi arbeider med. Det går ikkje an å sjå det faglege og læringsmiljøet som åtskilde faktorar i skulen.

Skulen sine to meistringsarenaer



Samanhangen mellom dei to meistringsarenaene i skulen, vert illustrert i denne figuren. Illustrasjonen syner korleis sosial kompetanse og meistring heng saman med fagleg kompetanse og meistring i skulesamfunnet. Figuren fortel om noko av den dynamikken elevane opplever i skulekvardagen, og at det sosiale og det faglege går hand i hand.

ANDRE RESULTAT

Vi har sagt at sjølv om vi konsenterer oss om nokre få utvalde område over ei periode, følgjer vi nøye med i alle målingane av elevane våre. Det er viktig å sjå dei nasjonale målingane som eit supplement til den øvrige vurderinga som vert gjort undervegs i skulane våre. Vi skal imidlertid gå inn i alle undersøkingane som vert gjorde – analysere ,og fremje tiltak der det er naudsynt. Vi har sagt litt om dette under avsnittet "LESING".

Dei nasjonale målingane skal altså vere ei supplerande rettesnor for lærarane og rektorane -- og for skuleeigar. Det blinkar ingen "blålys" i desse resultatata no, men her er element som må undersøkjast og jobbast med.

I tillegg til dei nasjonale målingane, har vi ei rekkje kartleggingar. Grunnskulen i kommunen har laga ein felles oversikt over det vi kallar pålagde prøver: desse er å rekne som obligatoriske i skulane våre. Alle desse kartleggingane saman med læraren si daglege undervegsvurdering, gjev oss grunnlag for å følgje opp den einskilde elev. Gjennom dette arbeidet skal korrigerande hjelp og tiltak optimalisere læringa for elevane våre.

Dei nasjonale målingane syner at avgangselevane stort sett gjer det godt på eksamen. Vidare registrerer vi at grunnskulepoenga ligg relativt høgt.

Sjølv om resultatata for grunnskulen i kommunen på jamna er bra, har vi likevel eit kontinuerleg blikk på resultatata – og ser etter måtar å rette på evt. resultat som over tid tyder på at nye tiltak bør settast inn. Slik sett er deltakinga i "Lærande regionar" ei mulegheit for å finne suksessfaktorane

RESSURSAR:

I januar 2012 laga kommunalsjef og rektorane ei norm for minste-styrking av klassar grupper:

Dette er den omforeinte forståinga av kva som er eit minimum styrking i ei gjennomsnittleg klasse/gruppe utan særlege omsyn til særleg ressurskrevjande elevar:

Der 2-3 årstrinn går i same gruppe: Inntil 18 elevar i gruppa: 7 timar pr veke
Over 18 elevar i gruppa: 10 timar pr veke

Der det er 4 årstrinn i same gruppe: 10 timar pr. veke

Der det er berre eitt årstrinn i gruppa : Inntil 18 elevar: 4 timar/over 18 elevar: 6 timar

I 2012 tilpassa alle fire skulane seg til denne minimums-norma. Budsjettet for 2013 gjev imidlertid ikkje rom for denne minimums-kvaliteten, så frå nyttår 2013 har skulane måtte redusert ressursane slik at dei no er under den definerte minstenorma.

LÆRANDE REGIONAR

Sju kommunar i fylket er med i eit forskingsprosjekt som tek mål av seg å finne ut kva faktorar som har ført til at Sogn og Fjordane har skora høgt på nasjonale prøver i ei årrekke. På listetoppen for nasjonale prøver finn vi Oslo, Akershus og Sogn og Fjordane. Ferdigheitene som blir testa er lesing, rekning og engelsk. Dei gode resultatane i Oslo og Akershus er sett i samband med foreldra sitt utdanningsnivå, sidan det er høgare enn i landet elles. Kva så med Sogn og Fjordane – og Selje?

Gjennom forskings og utviklingsprosjektet “Lærande regionar” skal ei brei gruppe forskarar undersøkje kvifor elevane i fylket vårt får resultat i landstoppen år etter år. Elevar i Sogn og Fjordane har over tid gjort det betre enn ein skulle forvente ut frå foreldra sitt utdanningsnivå. Dette har vekt nasjonal og internasjonal merksemd hjå forskarar og utdanningsmyndigheitene. Kunnskap om dette har stor samfunnsøkonomisk verdi, og prosjektet Lærande regionar skal gje kunnskap om kva som skal til for å betre grunnleggjande ferdigheiter for alle elevar. Prosjektet vil leggje stor vekt på å involvere skular og kommunar i å delta i og trekkje lærdom frå forskinga. Selje er ei av dei i alt sju kommunane i fylket som har sagt seg villege til å samarbeide med forskingsmiljøa dei neste 3-4 åra for å betre elevane sine grunnleggjande ferdigheiter.

Årsaka til vår interesse for å ta del i forskingsprosjektet, er at det er viktig for oss å vite kva som er suksessfaktorane for å lukkast med god læring i grunnskulane våre. Sjølv om kommunane våre saman med resten av fylket, har gjort det godt på nasjonale prøver, kan vi likevel ikkje direkte forklare kvifor det er slik, og kva vi evt. har gjort meir rett enn andre. For å kunne halde fram med å ha gode resultat, og for å kunne gje best muleg undervisning i skulane våre, må vi finne ut av dette. Då meiner vi det er godt å få hjelp frå forskarar til å finne desse svara. Vi håpar og trur at samarbeidet med forskingsinstitusjonane vil vere til inspirasjon for både elevar og lærarar. Vi har saman med foreldre, eit felles mål om å gje elevane våre ei best muleg undervisning.

Korleis påverkar regionale forhold resultatane?

Eit viktig element i prosjektet er å få kunnskap om kva regionale forhold som kan påverke elevresultatane. Dette for å få kunnskap om kva strategiar nasjonal politikk må velje for å spele på lag med regionale føresetnader slik at heile landet kan få ei likeverdig opplæring. I prosjektet deltek Nord-Trøndelag fylke som på mange måtar kan samanliknast med Sogn og Fjordane, men som har hatt dårlegare resultat når grunnleggjande ferdigheiter har vore målt i nasjonale prøver. For å ha eit breiare samanlikningsgrunnlag inkluderer prosjektet fylka Aust-Agder og Oppland.

Høgskulen i Sogn og Fjordane er saman med professor Gjert Langfeldt fagleg ansvarlege for prosjektet som er eit samarbeid mellom høgskulen, fylkesmannen, KS, fylkeskommunen og Utdanningsforbundet i Sogn og Fjordane.

PROGRAMMET ”DEN GODE SKULEEIGAR”

Utdanningsprogrammet Den Gode Skuleigar skal gje folkevalde og tilsette i kommuneadministrasjonen auka kunnskap og ferdigheiter i dialogbasert styring av grunnskulen. Gjennom fire samlingar som byggjer på forskingsbasert og erfaringsbasert kunnskap, skal deltakarane bli enno meir kvalifiserte til å utøve sine roller i ein utviklande styringsdialog. Det har vore sett fokus nettopp på skuleeigar si rolle og ansvaret for grunnskulen. Programmet vart til i eit samarbeid mellom KS, Fylkesmannen, Utdanningsforbundet og Høgskulen i Sogn og Fjordane – og er det første av sitt slag i landet.

Programmet er no gjennomført. Frå Selje kommune deltok utvalsleiar Driftsutvalet, ordførar og kommunalsjef oppvekst. På samlingane vart det tilført kompetanse i tråd med det som står over.

Gjennomgåande stor vektlegging på forskingsbasert kunnskap. Det har også vore arbeidsoppgåver mellom samlingane, samt tilbod om kompetansegevande arbeid. Av tiltak det har vore arbeidd med lokalt, kan særleg nemnast årshjul for dei ulike aktivitetane knytt til grunnskulen i kommunen. Ein kan lese meir om programmet her:

<http://www.ks.no/Regioner/Vest-Norge/Skule-og-oppvekst/Den-Gode-Skuleeigar/>

PROFESJONSUTVIKLING

Både gjennom arbeidet i Den Gode Skuleeigar, og gjennom det kontinuerlege arbeidet med å evaluere og vidareutvikle læringsarbeidet i skulen, har vi hatt stort fokus på reell profesjonsutvikling i skulen. Gjennom nyare forskning har vi tileigna oss kunnskap om kva som verkar, og kva tiltak vi dermed må gjere. Med profesjonsutvikling tenkjer vi at yrkesutøveren må bevege seg frå den tause kunnskapen over i artikulert skildring av praksis. Å vere profesjonell er å vite kva, korleis og kvifor ein handlar som ein gjer. Vidare betyr det å vere fagleg oppdatert, å bidra til ein fagleg diskurs i kollegiet og til utvikling av arbeidsmetodar og samarbeid i eiga verksemd. Utøveren av ein profesjon evnar å relatere forskning til eigen praksis, og saman med kollegaer søkje stadig betre måtar å utøve yrket sitt på. I praksis betyr dette å gje elevane ein enno betre læringsssitasjon.

I boka "Leiing og profesjonsutøvelse i barnehage og skole" (2012) skriv Thomas Nordahl oppsummerande i ein artikkel om tilpassa opplæring: *"Endringer i pedagogisk praksis vil primært kreve at lærerne retter søkelyset mot seg selv og mindre mot elevene. Om vi ikke får lærere til å se på sin egen virksomhet og til å anvende forskningsbasert kunnskap, vil det sannsynligvis fortsatt gjennomføres mindre god og lite hensiktsmessig undervisning. Slik undervisning vil bidra til et dårlig læringsutbytte for mange elever og en marginalisering i et livsperspektiv. Både i grunnskolen og videregående opplæring er det behov for mer forskningsbasert, kvalitativ, god opplæring og systematisk endringsarbeid i skolen. Det vil være en investering for samfunnet, og det vil ikkje minst kunne bety et betre liv for den enkelte."* (Bente Aamotsbakken ,red. 2012: 104)

Ein viktig faktor i slikt utviklingsarbeid, er rektorane. Skal skuleeigar lukkast i denne utviklinga i eigne skular, må det handlast gjennom rektorane.

Timperly et al. (2007:193) fann i si *Best Evidence Synthesis for Teacher Professional Learning and Development* (Ledelse og profesjonsutøvelse i barnehage og skole) at det er fire hovudfunksjonar rektor har i samband med lærarane si læring –som fører til betre læringsresultat hjå elevane. Den første funksjonen er å utvikle ein visjon saman med lærarane om at læring vert styrka gjennom samarbeid , og ved at skulen samla går inn i ein heilskapleg utviklingsprosess. Vidare handlar det om å skape læringsarenaer for lærarane og trekke inn naudsynt ekspertise. Forskarane syner til at *berre* meir tid og meir ekspertise ikkje hjelp; det er *kvaliteten* på tidsbruken og kvaliteten på ekspertisen som gjev positive utslag for elevane si læring. Den tredje funksjonen er å leie den profesjonelle læringsprosessen ved å etablere ein kultur kring endringane. Det syner seg at rektorane ikkje berre er dei som legg til rette for lærarane si læring: dei må sjølve ha omfattande kunnskap slik at dei kan velge både innhald og læringsaktivitetar som leier til endring. Til slutt blir det synt til kor viktig det er å utvikle leiarskap hjå andre, slik at rektor ikkje er åleine med ansvaret. Skuleeigar har difor ei viktig oppgåve å leie, motivere og rettleie rektorane.

STYRING AV UTVIKLINGA I SKULEN

Gjennom dialog og samarbeid skal vi utvikle grunnskulen framover. Det vert gjerne stilt spørsmål om korleis politikarane kan vere med å oppretthalde og vidareutvikle kvaliteten i skulen. Vi vil i denne samanheng sitere utdanningsdirektøren i Sogn og Fjordane som gjev dette svaret:

”Etablere forsvarlege vurderings- og oppfølgingssystem og vere aktiv kvalitetsutviklar. Skuleigar må ha kompetanse til å vurdere sterke og svake sider ved skulane i kommunen, og styringsvilje og evne til å iverksetje og pålegge tiltak der det er naudsynt.”

Utdanningsdirektøren seier også: *”De må ikkje overlate STYRINGA av skulen til pedagogane då samfunnsmandatet krev engasjement frå politikarane, men ARBEIDET i skulen skal de la pedagogane ta ansvaret for!”*

Saksgang

Saka går vidare til kommunestyret etter handsaming i Driftsutvalet.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Driftsutvalet tek tilstandsrapporten for grunnskulen i Selje kommune til etterretning slik den ligg føre frå administrasjonen.

Handsaming i Driftsutvalet - 14.03.2013

7 voterande.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen vart samrøystes godkjend.

KU-010/13 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	14.03.2013	011/13

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Bård Fløde	FA-B12	12/1111

Lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune - Vedtak om høyring

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	S	22.10.2012		Forskrift - Skulekrinsar i Selje kommune
2	I	30.10.2012	Ytre Stad skule og barnehage v/FAU	Klage på saksnr 049/12: Forskrift - Skulekrinsar i Selje kommune
3	U	18.12.2012	Dei som skal ha utskrift	Melding om vedtak - Forskrift - Skulekrinsar i Selje kommune
6	I	11.03.2013	Foreldereutvalet - Ytre Stad skule og barnehage	Vedlegg til sak 011/13 i Driftsutvalet 14.03.13
8	U	19.03.2013	Høyringsinstansane	Høyringsbrev
7	U	19.03.2013	Adresseliste	Høyringsbrev

Opplysningar til saka

Forskrift for skulekrinsar i Selje kommune

Kommunestyret gjorde 17.12.2012 i sak KS-084/12, følgjande vedtak:

1. Kommunestyret gjer vedtak om oppstart av arbeid med forskrift om skulekrinsgrenser i Selje kommune.
2. Kommunestyret gjer vedtak om at desse alternativa skal utgreiast:
 - a. Dei fire skulekrinsane vert oppretthaldne i planperioden med mindre særskilde omsyn gjer det påkrevd med nye vurderingar.
 - b. Skulekrinsane i Selje vert vurdert reduserte til tre, og nedlegging av Ytre Stad skule og barnehage (skulen) vert utgreidd for vedtak gjennom forskrift for skulekrinsgrenser i Selje kommune.

- c. Skulekrinsane i Selje vert vurdert reduserte til til tre. Det vert halde fram med å drive skule i to skulebygg i ny Stadlandet skulekrins, der Ytre Stad skule og barnehage (skulen) og Stadlandet Oppvekstsenter (skulen) inngår.
- d. Alle skulane i Selje inngår i ein samla skulekrins.
- e. Selje og Flatraket som ein krins.

Bakgrunn:

Bakgrunnen for vedtaket om utgreiing av ulike alternativ for framtidige skulekrinsar i Selje kommune, er arbeidet med kommuneplan og underliggende kommunedelplanar. Det skal utarbeidast sektorplan for oppvekst. Erfaring frå prosessar i andre kommunar, tilseier at ein evt. skulestrukturdebatt bør gjennomførast før arbeidet med innhald og kvalitet i sektorplanen tek til.

Selje kommune har i dag fire skulekrinsar, men vi har ikkje dette forskriftsfesta. Skulekrinsgrenser gjev oversikt over kva område i kommunen som soknar til ulike skular, og vert ofte opplevd som viktig for elevane og foreldre. Korkje opplæringslova eller regelverk inneheld reglar for skulestruktur, og avgjerder knytt til dette ligg såleis i kjerneområdet av den kommunale handlefridomen. Fastsetting av skulestruktur vert i dag ofte sterkt påverka av kommunane sin økonomi. Selje kommune har eit busetjingsmønster med mange små lokalsamfunn. Med bakgrunn i den finansieringsmodellen Staten tidlegare nytta for å sikre eit likeverdig grunnskuletilbod i kommunane, har Selje trass mange skulenedleggingar, ein skulestruktur med relativt små skular. Staten endra finansieringsmodellen på 1990-talet, og kommunane sine overføringar til skuledrift vart etter endringa berekna ut frå busetnadskonsentrasjon og akseptabel skyssavstand. Dette har i dei fleste kommunar ført til større samordning av skular i større einingar lokalisert ut frå geografiske og demografiske omsyn.

Selje kommune arbeider med samfunnsdelen i ny kommuneplan. Dette arbeidet er ikkje slutført. Det vart i 2011 gjennomført ei rekkje folkemøte kring om i eksisterande skulekrinsar. Gjennom desse møta fekk bygdefolket gjeve signal og tilbakemeldingar om kva prioriteringar dei ynskjer for framtida i eiga bygd og i kommunen. Vedtak om skulestrukturen for planperioden bør vere ein del av ei langsiktig tenking der økonomiske og praktiske omsyn blir sett i lys av korleis ein ynskjer å styre utviklinga i kommunen. Vi kjem attende til dette .

Det er i dag inga forskning som tilseier at det er nokon samanheng mellom skulestorleik og kvaliteten på den undervisninga elevane får. Bruk av kvalitetsomgrepet i ein strukturdebatt bør difor knyttast til den kvaliteten skulen evt. har for busetnad og vekst i dei ulike delane av kommunen. Kvalitet på undervisning må difor ikkje dragast inn i strukturdebatten. Skal ein reduksjon i tal skular gje ein økonomisk vinst for kommunen, er det heller ikkje gitt at skulenedleggingar fører til meir ressursar i form av rammetimar i den gjenverande skulemassen. Tidlegare skulenedleggingar stadfestar dette.

Derimot er avstandar og reisetid argument som må vere med i ei samla vurdering av framtidig skulestruktur. Dette kjem vi attende til.

Når det i saksutgreiinga og i framlegg til vedtak blir synt til gjeldande krinsstruktur, forstår ein eksisterande geografiske oppdeling i høve kva delar av kommunen som tilhøyrrer den einskilde krinsen. For Ytre Stad skule og barnehage betyr dette området vest for Dalskaret. For Stadlandet Oppvekstsenter betyr det området frå Dalskaret til og med Otnes, samt området frå Leikong til og med Eltvik, bygdene Drage, Fure og Hoddevik. Flatraket skulekrins forstår ein som området frå kommunegrensa til Vågsøy til og med Rundereim, samt Barmen. Øvrige område tilhøyrrer i dag Selje skulekrins.

Når det gjeld kva skulekrins ein høyrer til, tek ein utgangspunkt i den adressa eleven står oppført med i Folkeregisteret.

Saksgang – evt. endring av skulestruktur/ nedlegging av skular

Det blir lagt opp til å handsame sak om skulestruktur og sak om ny lokal forskrift om skulekrinsar som ei og same sak – og vert sendt samla ut på høyring gjennom vedtak i Driftsutvalet i denne saka.

Kommunestyret har gjort vedtak om utgreiing av ei rekkje alternative løysingar på framtidig skulestruktur. Dette vert dermed å sjå på som alternative framlegg til vedtak, og vert utgreidd som dette. Det vert dermed utarbeidd eit høyringsframlegg med ulike alternativ som blir lagt ut til høyring etter vedtak i Driftsutvalet. Utdanningsdirektoratet syner til Justis- og beredskapsdepartementet sine retningslinjer av 30. januar 2002 om forskriftsarbeid i kommunane, og tilrår å bruke inntil to månadar.

Rundskriv Udir 2-2012 tilrår at desse partane bør høyrast i saker som gjeld skulestruktur: skulane sine samarbeidsutval, fagforeiningane for dei tilsette ved skulane, grendalag og andre grupper og organisasjonar som kan ha interesse i saka, andre brukarar ved skulane som vil bli berørte av ei nedlegging, andre brukarorgan ved skulane – til dømes skulemiljøutval og elevråd, fylkeskommunen (skyss).

Det bør arrangerast folkemøte i dei krinsane som kan bli råka av skulenedlegging.

Etter gjennomgang av innkomne høyringsuttalar, gjer kommunestyret vedtak om lokal forskrift for skulekrinsar i Selje kommune gjennom vål av eit av alternativa i høyringsframlegget.

Samandrag

Gjennom dei drøftingar som blir gjorde i saksutgreiinga, vert dei fem punkta i vedtaket i kommunestyret i desember 2012, gjenstand for tre framlegg til vedtak om innhald i § 2-1 i ny forskrift. Framlegg til vedtak om innhald i § 2-1 vert dermed slik:

Kommunestyret gjer vedtak om forskrift for framtidig skulestruktur i Selje kommune ved å velje eit av desse alternativa for innhald i § 2-1:

1. Skulekrinsane vert som i dag.
2. Skulekrinsane i kommunen blir reduserte til tre, og elevane ved Ytre Stad skule og barnehage vert overførte til Stadlandet Oppvekstsenter frå 01.08.2014.
3. Skulekrinsane i kommunen blir reduserte til tre, og elevane ved Flatraket skule vert overførte til Selje skule frå 01.08. 2014.
4. Skulekrinsane i kommunen blir reduserte til to, der elevane ved Ytre Stad skule og barnehage vert overførte til Stadlandet Oppvekstsenter og elevane ved Flatraket skule vert overførte til Selje skule. Iverksetjing frå 01.08.2014.

Utgreiinga syner at det bygningsmessig er muleg å føre elevane på ytre Stad skule og barnehage til Stadlandet Oppvekstsenter utan bygningsmessige påkostadar. Det er også muleg å føre elevane på Flatraket skule til Selje skule under dei same føresetnadane. I saksutgreiinga vert det stipulerte innsparingar ved slike endringar. Det vert imidlertid også synt til at ein del av innsparingsvinstane må nyttast til styrking av større grupper på

mottakarskulane. Dette må vere ein føresetnad for å kunne trygge kvaliteten i opplæringsstilbodet vi tilbyr elevane våre.

Dei stipulerte innsparingane er dermed om lag 2 millionar kroner ved flytting av elevane frå Ytre Stad skule og barnehage til Stadlandet Oppvekstsenter, og om lag 3 millionar kroner ved flytting av elevane frå Flatraket skule til Selje skule.

Det er klart at delar av bygningsmassen både på Stadlandet oppvekstsenter og på Selje skule treng rehabilitering i tida som kjem. Eit auka elevtal vil føre til større slitasje, og framskunde behovet for slik rehabilitering.


I det følgjane blir det sett på kapasitet og praktiske/ økonomiske konsekvensar av å gjennomføre dei framlegga som ligg i vedtaket i kommunestyret.

Elevtal

Før ein i saksutgreiinga går inn og belyser dei ulike framlegga i vedtaket, ser ein på elevtalet i dei ulike skulekrinsane. I tabellane nedanfor ser vi ei framskriving av det talmaterialet som eksisterer i dag. I dette talmaterialet er det altså ikkje lagt inn prognosar for tilvekst ved tilflytting til kommunen. Her er berre med dei born som bur i kommunen i dag.

Sjølv om kommunen har hatt ei negativ folketalsutvikling dei seinare år, har det vore ein god del tilflytting –både av personar som har sine røtter i kommunen – og av andre. Ei liknande framskriving gjort for fleire år tilbake kunne difor ha sett enno meir dystert ut.

I tabellane under blir det synleggjort elevtalet i årstrinna -- også med ei evt. samanslåing av krinsar. Som det blir omtalt i avsnittet om "Krinsar og busetjingsstruktur", må det i evt. meir optimistiske prognosar reknast kapasitet ut over det som kjem fram i tabellane under.



2012/2013	Skule	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Sum
2006	Selje skule	13	10	16	13	12	17	15	28	29	30	183
	Stadlandet skule	10	7	8	9	10	5	6	13	14	18	100
	Flatraket skule	3	5	10	11	5	7	11				52
	Ytre Stad skule	4	0	3	5	3	4	6				25

Sum kommune											360
<i>Stadl.sk.+ Ytre Stad</i>	14	7	11	14	13	9	12	13	14	18	125
<i>Selje sk.+ Flatr.skule</i>	16	15	26	24	17	24	26	28	29	30	235

2013/2014
2007

Skule	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Sum
Selje skule	10	13	10	16	13	12	17	26	28	29	174
Stadlandet skule	10	10	7	8	9	10	5	12	13	14	98
Flatraket skule	7	3	5	10	11	5	7				48
Ytre Stad skule	1	4	0	3	5	3	4				20
Sum kommune											340
<i>Stadl.sk.+ Ytre Stad</i>	11	14	7	11	14	13	9	12	13	14	118
<i>Selje sk.+ Flatr.skule</i>	17	16	15	26	24	17	24	26	28	29	222

2014/2015
2008

Skule	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Sum
Selje skule	16	10	13	10	16	13	12	24	26	28	168
Stadlandet skule	7	10	10	7	8	9	10	9	12	13	95
Flatraket skule	8	7	3	5	10	11	5				49
Ytre Stad skule	0	1	4	0	3	5	3				16
Sum kommune											328
<i>Stadl.sk.+ Ytre Stad</i>	7	11	14	7	11	14	13	9	12	13	111
<i>Selje sk.+ Flatr.skule</i>	24	17	16	15	26	24	17	24	26	28	217

2015/2016
2009

Skule	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Sum
Selje skule	12	16	10	13	10	16	13	17	24	26	157
Stadlandet skule	12	7	10	10	7	8	9	13	9	12	97
Flatraket skule	9	8	7	3	5	10	11				53
Ytre Stad skule	0	0	1	4	0	3	5				13
Sum kommune											320
<i>Stadl.sk.+ Ytre Stad</i>	12	7	11	14	7	11	14	13	9	12	110
<i>Selje sk.+ Flatr.skule</i>	21	24	17	16	15	26	24	17	24	26	210

2016/2017
2010

Skule	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Sum
Selje skule	5	12	16	10	13	10	23	24	17	24	154
Stadlandet skule	4	12	7	10	10	7	8	14	13	9	94
Flatraket skule	3	9	8	7	3	5	10				45
Ytre Stad skule	4	0	0	1	4	0	3				12
Sum kommune											305
<i>Stadl.sk.+ Ytre Stad</i>	8	12	7	11	14	7	11	14	13	9	106
<i>Selje sk.+ Flatr.skule</i>	8	21	24	17	16	15	33	24	17	24	199

2017/2018
2011

Skule	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Sum
Selje skule	16	5	12	16	10	13	10	33	24	17	156
Stadlandet skule	13	4	12	7	10	10	7	8	14	13	98
Flatraket skule	7	3	9	8	7	3	5				42
Ytre Stad skule	1	4	0	0	1	4	0				10
Sum kommune											306
<i>Stadl.sk.+ Ytre Stad</i>	14	8	12	7	11	14	7	8	14	13	108

Selje sk.+ Flatr.skule	23	8	21	24	17	16	15	33	24	17	198
---------------------------	----	---	----	----	----	----	----	----	----	----	-----

Dei ulike framlegga i sak KS-084/12:

Alternativ a:

Dei fire skulekrinsane vert oppretthaldne i planperioden med mindre særskilde omsyn gjer det påkrevd med nye vurderingar.

Som nemnt i innleiinga, er dagens skulestruktur eit resultat av ei rekkje tidlegare skulenedleggingar. Praktiseringa av geografisk inndeling i høve kva delar av kommunen som tilhøyrer den einskilde krinsen, er i dag slik:

For Ytre Stad skule og barnehage betyr dette området vest for Dalskaret. For Stadlandet Oppvekstsenter betyr det området frå Dalskaret til og med Otnes, samt området frå Leikong til og med Eltvik, bygdene Drage, Fure og Hoddevik. Flatraket skulekrins forstår ein som området frå kommunegrensa til Vågsøy til og med Rundereim, samt Barmen. Øvrige område tilhøyrer i dag Selje skulekrins. Når det gjeld kva skulekrins ein høyrer til, tek ein utgangspunkt i den adressa eleven står oppført med i Folkeregisteret.

Alternativ a betyr å forskriftsfeste dagens inndeling gjennom lokal forskrift for skulekrinsar i Selje kommune.

Alternativ b:

Skulekrinsane i Selje vert vurdert reduserte til tre, og nedlegging av Ytre Stad skule og barnehage (skulen) vert utgreidd for vedtak gjennom forskrift for skulekrinsgrenser i Selje kommune.

Med utgangspunkt i dei barnetal vi har pr. dato, er barnetrinnet på Stadlandet Oppvekstsenter 4-delt i perioden 2013 – 2018. Elevtalet på barnetrinnet på SO er 55 i 2012/2013, medan det i 2016/2017 er 63. Elevtalet på SO vert samla 98 elevar i 2013/2014, medan det i 2017/2018 blir 98; altså stabilt. Barnetalet på Ytre Stad skule og barnehage vert 20 elevar i 2013/2014, medan det i 2016/2017 er nede i 10.

Skulen på YSSB er i dag 2-delt, dvs at elevane går i to grupper der 1.-4. klasse utgjer eine gruppa og 5.-7. klasse utgjer andre gruppa.

Dei tidlegare ”klassedelingsreglane” sa noko om kor store grupper med fleire årstrinn kunne vere. I dag er desse klassedelingsreglane tekne vekk, men det er sentralt uttalt at dei for heile skular sett under eitt framleis skal vere rettleiande.

Dei tidlegare klassedelingsreglane var slik:

Maksimum 24 elevar når to årskull går saman

Maksimum 18 elevar når tre årskull går saman

Maksimum 12 elevar når fire eller fleire årskull går saman.

Med dei elevtalsprognosane (faktiske born i dag) vi har, blir skulen ”udelt” frå hausten 2016/2017 då det er 12 elevar (jf. klassedelingsreglane over).

Med elevane frå YSSB i klassane på SO, får vi den situasjonen at SO beheld 4-delinga på barnetrinnet framover, sjølv om gruppene blir nokså store. Skuleåret 2014/2015 blir nok barnetrinnet på SO 5-delt grunna aldersamansettinga i høve trinna.

Storleiken på gruppene blir i ein storleik som gjer at den vedtekne minstenorma for styrking (sjå under) utløyser ein del fleire timar.

TILRÅDD MINSTENORM FOR STYRKING:

I starten på januar 2012 vedtok rektorgruppa dette framlegget til felles minstenorm for styrking av grupper:

Der 2-3 årstrinn går i same gruppe: Inntil 18 elevar i gruppa: 7 timar pr veke
Over 18 elevar i gruppa: 10 timar pr veke

Der det er 4 årstrinn i same gruppe: 10 timar pr. veke

Der det er berre eitt årstrinn i gruppa : Inntil 18 elevar: 4 timar
Over 18 elevar: 6 timar

Klasserom

Klasseromsituasjonen på Stadlandet Oppvekstsenter blir vurdert til å kunne romme elevane frå Ytre Stad skule og barehage inn i SO sine klassar/ grupper. Det må imidlertid vurderast kva vekst-/tilflyttingspotensiale som skal leggst inn i ein framtidig krinsstruktur.

Kostnad skyss

I følgje oversikten frå Fjord 1, betalar vi i dag om lag 4000 kr pr heil månad for skyssen til Ytre Stad skule og barnehage (om lag 40.000 pr år). Ekstra skyssutgifter blir å flytte alle elevane til Stadlandet Oppvekstsenter. 17 kr pr elev pr tur gjev om lag 120.000 kr pr år i auka skyssutgifter.

Skysslengde

Då det særleg for yngre elevar blir relativt lang reiseveg til Stadlandet Oppvekstsenter (frå Honningsvåg brukar skulebussen 45- 50 minutt) , har vi bede Fylkesmannen om ei uttale vedrørende skysslengde. Fylkesmannen ga dette svaret: (Fylkesmannen sine uthevingar)

Det er dag ikkje fastsett eksakte grenser for forsvarleg reisetid, men i vi viser i denne samanhengen til innhaldet i rundskriv frå Utdanningsdirektoratet (Udir-3-2009 Særlege problemstillingar i samband med retten til skyss)– sjå særleg pkt 3.

Opplæringslova § 7-1 regulerer skyss og innlosjering for elevar i grunnskolen. Det går ikkje fram av lova korleis skoleskyssen skal organiserast. Heller ikkje lova sine forarbeid inneheld konkrete vurderingar om forsvarleg reisetid. I Ot. prp. nr. 46 (1997–1998) s. 85 heter det likevel : "Departementet understrekar at skoleskyss må organiserast slik at elevar får ei akseptabel reisetid. Særleg er det viktig å organisere skyssen for 6-åringane slik at reisetida blir så kort som mogleg. I vurderinga av akseptabel reisetid må gangtid og tid med transportmiddel sjåast i samanheng."

Vurderinga av kor lang ventetid som kan akseptast, må såleis vere knytt til den totale lengda

på reisetida.

Utdanningsdirektoratet meiner på denne bakgrunn at det er den totale tida som eleven nyttar frå

eleven går/reiser heimanfrå og til opplæringa tek til, og frå opplæringa er slutt og til eleven er

heime om ettermiddagen, som utgjer den samla reisetida.

Det er fleire omsyn å ta når ein skal vurdere kva som er forsvarleg reisetid. Eit relevant omsyn er at barn får tilstrekkeleg fritid og tilstrekkeleg tid i heimen. Dette talar for å avgrense reisetida. Eit anna omsyn er effektiv og rasjonell organisering av skyssen. Kva som er akseptabel reisetid må derfor avgjerast etter ei konkret vurdering. (s.3)

Vi vil elles peike på at etter at barnekonvensjonen blei gjort til norsk lov, har det vore auka fokus både på barn sin rett til å bli høyrde i høve avgjerder som gjelder dei sjølv og deira kvardag. Vidare at kommunen har plikt til å vurdere kva som er **barna sitt beste** før ein gjer vedtak på område som gjeld barn, t.d. konsekvensar ved endring av kringsgrenser.

Vi viser elles til rundskrivet i sin heilskap.

<http://www.udir.no/Regelverk/Rundskriv/2009/Udir-3-2009-Sarlege-problemstillinger-i-samband-med-retten-til-skyss/>

Vi har dessutan henta dette frå ein NOU frå 1995:

Skoleskyss

I NOU 1995:18 omtales retten til skoleskyss. Her henviser en til Kyrkje- og undervisningsdepartementets veiledning i heftet N-4/85 om anbefalt tidsbruk til reise og ventetid ved skoleskyss. Det daværende Kyrkje- og undervisningsdepartement (nåværende Kunnskapsdepartementet) uttaler følgende:

Ved praktiseringa av grunnskoleloven har Kyrkje- og undervisningsdepartementet anbefalt følgende når det gjelder "akseptabel" tid underveis (reisetid+gangtid+ventetid én vei):

For 1.-3. klasse: inntil 45 minutter

For 4.-6. klasse: inntil 60 minutter

For 7.-9. klasse: inntil 75 minutter

Barneombudet mener det er grunn til å stille spørsmål om denne anbefalinga er i overkant av kva som er barnets beste. Avgjørene vil være vegens standard, og kvaliteten og servicenivået på skolebussen. Reisetid som overstiger de anbefalte normene vil vanskelig være i tråd med barnets beste, særlig for de yngste elevene.

Økonomi

Budsjettet for Ytre Stad skule og barnehage for 2012 og 2013 er på 3.900.000. I dette budsjettet er ikkje med drift av sjølv bygget. Utdrag av rekneskap for objektet Ytre Stad skule og barnehage syner ei netto utgift på om lag 175.000 kr. Reinhold kostar 160.000. Kostnadar på teneste 201 førskule er 1.165.000 (2011). I Skoleporten finn vi at kostnaden pr elev til skulemateriell, inventar og utstyr i Selje kommune er 2.200. Med 20 elevar blir dette 44.000

Med eitt år unntak beheld Stadlandet OS firdeling, noko som betyr at det blir relativt liten meirkostnad på sjølv grunnundervisninga. Noko fleire timar til styrking blir det når gruppene vert større. Det kan vere tale om 15 -20 timar pr. veke for barnetrinnet.

Auka skyssutgifter kan beløpe seg til 120.000.

Netto innsparing ved å flytte elevane frå Ytre Stad skule og barnehage til Stadlandet OS vil ut frå dette vere kring 2 mill. kr pr år.

Alternativ c:

Skulekrinsane i Selje vert vurdert reduserte til til tre. Det vert halde fram med å drive skule i to skulebygg i ny Stadlandet skulekrins, der Ytre Stad skule og barnehage (skulen) og Stadlandet Oppvekstsenter (skulen) inngår.

Innhaldet i dette framlegget er å vurdere bruk av begge skulebygga innan same skulekrins. Bakgrunnen for dette framlegget var etter det sakshandsamar har innhenta informasjon om frå forslagstillar, å sjå på samla bygningsmasse som alternativ til nybygg/ utviding av Leikvang barnehage i Stadlandet Oppvekstsenter. Ein såg føre seg at ei samordning av elevgruppene ville gje mulegheit for å fristille areal i eksisterande bygningsmasse i Stadlandet Oppvekstsenter –alternativt å fordele barnehagedrifta på dei to lokasjonane.

No har det politiske fleirtalet imidlertid vald å gå vidare med planane om rehabilitering/ påbygging av Leikvang barnehage. Slik sakshandsamar vurderer det, er difor grunnlaget for å utgreie dette alternativet vidare, falle vekk.

Skal det vere skuledrift på begge desse stadane også i framtida, er det ikkje noko som tilseier at det skal organiserast som éin skulekrins. Eventuell administrativ samorganisering kan likevel gjerast. Prinsippet i Opplæringslova § 8-1 første ledd første punktum:-- *Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til.* – tilseier at ein skal ha førutseibare retningsliner om kva som er nærskulen.

Skal elevgruppene ved dei to skulane i framtida samordnast, betyr bruk av begge bygga at elevar må skyssast begge vegar: skal t.d. dei minste årskulla i den nye krinsen gå på skule i skulebygget i Ervik, må elevane skyssast dit frå heile den nye krinsen. Framtidig drift i begge bygga og dobbel skuleskyss, vil bety ein betydeleg auka kostnad i høve til i dag.

Med mindre det vert sett stogg for utbygginga av Leikvang barnehage, ser ikkje sakshandsamar det føremålsteneleg å arbeide vidare med dette alternativet.

Alternativ d:

Alle skulane i Selje inngår i ein samla skulekrins.

Føremålet med å drive fire skular i ein samla skulekrins, kan vere å kunne plassere elevane i dei fire bygga alt etter kva storleiken på elevgruppene varierer i framtida. Eit anna omgrep som har vore nytta om dette er ”flytande kringsgrenser”. Dette omgrepet finst ikkje i lova. Omgrepet eller prinsippet er heller ikkje omtala i det siste Udir-rundskrivet av 15.03.2012 (Udir-2.2012). Opplæringslova er derimot svært klår i § 8-1: *”Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til”*. Dette betyr at det ikkje er gjeve høve til å ”jonglere” med kringsgrensene eller kva skule eleven skal gå på –flytte eller samle einskilde årstrinn alt etter kva elevtala for dei ulike årskulla skulle tilsei. Dette betyr igjen at det skal gjevast faste kringsgrenser i forskrifts form.

Det er ofte stilt spørsmål til tolkinga av nærskuleprinsippet i Opplæringslova. Difor er det gjennom ei rekkje brev gjort tollkingar og utdjuingar av dette prinsippet. Vi kan her nemne Utdanningsdirektoratet sitt brev til Fylkesmannen i Buskerud av 21.09. 2009, og Utdanningsdirektoratet sitt brev til Fylkesmannen i Nordland av 04.02. 2013. I sistnemnde brev blir det synt til ei tidlegare uttale: *”I den grad det er motstrid mellom kommunale forskrifter om plassering av elever i grunnskolen og retten til å gå på nærskolen etter opplæringsloven § 8-1, går retten til å gå på nærskolen foran. Kommunale forskrifter som avviker frå nærskoleprinsippet, er etter sitt innhald ugyldige.”*

I brevet står det også: ” *Det kan ikke legges vekt på hensyn som vil være i strid med nærskoleprinsippet eller opplæringslovens formål, for eksempel ”lik belastning” på kommunens skolen, opprettholdelse av skoler med svakt elevgrunnlag, spredning av faglig sterke og svake elever, samling av spesialundervisningselever osv. Kommunale forskrifter må såleis holde seg innenfor rammene som lover stiller opp.*”

Ut frå det som her er presentert, er det ikkje høve til å drive grunnskulen i Selje kommune med fleire bygg der ein har ei fleksibel plassering av elevane.

Ut frå ordlyden i alternativ d, er det ikkje tale om å samle alle elevane i éin skule i kommunen. To kommunar i Sogn og Fjordane har kun éin skulekrins (Hornindal og Hyllestad), og her går alle elevane på den same skulen. Skal Selje kommune organisere grunnskulen i éin skulekrins med éin kombinertskule, må det gjerast betydelege tilbygg på Selje skule, alternativt byggjast ein ny skule for heile kommunen.

Alternativ e:

Selje og Flatraket som ein krins.

Med utgangspunkt i dei barnetal vi kjenner pr dato, vil barnetalet på Flatraket skule gå ned frå 52 i 2012/2013 til 42 i 2017/2018. Skulen vil difor vere 3-delt i perioden.

Situasjonen på Selje skule sitt barnetrinn i denne perioden, er ein nedgong frå 96 til 82 – dette gjev ei 4-deling. Med elevane frå Flatraket skule på Selje skule, får vi den situasjonen at Selje skule får full deling på barnetrinnet (7-delt). Dette betyr då at skulen vil trenge tilsvarande fleire ressursar (sjå minstenorm for styrking over): grunnbemanning for to fleire grupper + naudsynt styrking etter norma.

Klasserom

Klasseromsituasjonen på Selje skule blir vurdert til å kunne romme elevane frå Flatraket skule. Det må imidlertid vurderast kva vekst-/tilflyttingspotensiale som skal leggst inn i ein framtidig krinsstruktur.

Skysslengde

Det er om lag 30 min reisetid frå Flatraket til Selje sentrum. Vi syner til dei dokument og vurderingar som er omtalt under ”alternativ b” i saksutgreiinga.

Økonomi

Flatraket skule sitt budsjett for 2013 er 5.400.000. I tillegg er det kostnadar bygg, der rekneskapen for 2011 syner om lag 270.000. Auka utgifter til skyss vert stipulert til 550.000 kr. To grupper meir samt styrking av desse gruppene ved Selje skule vert kostnadsrekna til om lag 1. 700.000.

Muleg innsparing totalt sett på flytting av elevane til Selje skule, kan dermed vere om lag 3 mill. kr. årleg. Dette føreset avhending av eigedomen.

Privatskuledrift

Vi ser av og til at det i kommunar som legg ned skular, vert etablert privatskuledrift i dei nedlagde krinsane. Slik grunnskuledrift gjev liten eller ingen innsparing økonomisk då kommunen får eit fråtrekk i overføringane frå Staten pr elev i den private skulen. Dette fråtrekket er gjerne større enn dei faktiske kostnadane kommunen hadde med den kommunale skuledrifta.

Krinsar og busetjingsstruktur

Vedtaket i KS-084/12 gjeld i utgangspunktet ei utgreiing av ulike alternative måtar å organisere grunnskulen på. Sakshandsamarar finn det likevel naudsynt å påpeike at denne utgreiinga må sjåast i ein større samanheng.

Som nemnt i innleiinga, arbeider Selje kommune med ein samla kommuneplan. Med eit synkende folketal i kommunen, og ein relativt skeiv demografisk fordeling der kommunen særleg har mangel på unge vaksne mellom 25 og 40 år, er det ei administrativ og politisk utfordring og oppgåve å komme opp med tiltak som kan gje ei meir positiv utvikling kva gjeld busetjing.

Det er vanleg å framskrive statistikk for befolkningsutvikling som tek utgangspunkt i siste tids utvikling. Slik framskriving gjev for Selje kommune nokså dystre framtidsutsikter. Målet med kommuneplanarbeidet må difor vere å legge tilhøva til rette for ei meir ønskt utvikling. Ein viktig kommunedelplan i denne samanheng, er arealdelplanen – som m.a. skal legge til rette for ynskt busetjingsstruktur.

Vi har dei seinare år opplevd auka interesse for busetjing i begge dei to skulekrinsane som etter utgreiingsframlegga kan stå framfor ei skuledlegging, Ytre Stad og Flatraket. Ytre Stad skule og barnehage vart bygd gjennom eit samarbeid mellom bygdelaga på Ytre Stad, og vart dermed ein samlingsfaktor og eit symbol på samarbeid og utviklingsvilje.

Av tilflyttarar er det i dag kanskje særleg personar med sterke natur- og friluftinteresser som har synt interesse for å busetje seg i desse bygdene. Det har vore stor byggjeaktivitet siste tida. Eit sentralt spørsmål blir kva betydning skulen i bygda har for slik etablering – eller om Stadlandet Oppvekstsenter oppfyller omsynet til nærskule. Det er etablert nettverk som arbeider for tilflytting og etablering i bygdene som soknar til skulen. Talsmenn i dette nettverket legg vekt på skulen si betydning for nyetablering. Nettverket har også registrert stor interesse for framtidig etablering, og vil truleg presentere frå dette materialet i høyringsperioden.

Flatraket skulekrins opplever relativt stabilt elevtal. Elevtalet (barnetrinnet 1.-7.) er i dag nesten likt med barnetrinnet på Stadlandet Oppvekstsenter. Bygda har byggjefelt med stor utnyttingsgrad. Flatraket ligg nær Vågsøy, og fungerer på ein måte som ein ”drabantby” for Måløy: det er uproblematisk å bu på Flatraket og jobbe i Vågsøy/ Måløy grunna den korte avstanden. Flatraket dreg difor nytte av den veksten Vågsøy sitt næringsliv har opplevd den seinare tida. Bygda har fått ny/ rehabilitert barnehage, og er prega av optimisme.

Selje kommunestyre må gjere ei vurdering av kvar dei ynskjer å satse på ei auka busetjing, og kva verkemiddel som må til for å oppnå dette. Debatten om framtidig skulestruktur i kommunen kan difor ikkje isolert vere eit økonomisk spørsmål reint skuledriftsmessig, men må vurderast i ein større samanheng. Når no framtidig skulestruktur skal vurderast, må alle aspekt i høve samfunnsplanlegging og framtidig busetnad, takast inn i drøftingane.

I eit meir optimistisk perspektiv enn dagens barnetal gjev, må ein evt. ta høgde for ei positiv folketalutvikling kva gjeld kapasitet i framtidig skulestruktur. Då må det t.d. vere rom for ei auke i elevtalet – også kva gjeld klasseromskapasiteten.

Utforming av lokal forskrift for skulekrinsar i Selje kommune

Framlegg:

Lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune

Gjeldande frå 01.08. 2014

Vedteken av kommunestyret i Selje xx.xx.2013

§ 1 Opplæringslova

§1.1 Hovudprinsipp

I § 8-1 i Opplæringslova står det:

Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i §38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidende gjeld ikkje.

Etter søknad kan eleven takast inn på ein annan skole enn den eleven soknar til.

Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skole enn den skolen eleven hatr rett til å gå på etter første leddet. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Når det er nødvendig, kan eleven flyttast til ein skole utanfor kommunen, men ikkje slik at eleven må flytte ut av heimen eller at skoleskyssen blir uforsvarleg lang.

§1.2 Andre aktuelle avgjerdsler

I tillegg vil følgjande paragrafar i Opplæringslova kunne verke inn på kva skule ein elev skal gå på:

- a) §2-1 Rett og plikt til grunnskoleopplæring
- b) §9a-1 Generelle krav
- c) §9a-2 Det fysiske miljøet
- d) §9a-3 Det psykososiale miljøet
- e) §15-1 Bruk av forvaltningslova
- f) §15-2 Særlege reglar om klageinstans

§ 2 Om lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune

Lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune klargjer kva område i kommunen som soknar til dei ulike skulane – også kalla skulekrinsar. Når det vert gjort vedtak om skuleplass, vert det alltid teke utgangspunkt i den adressa eleven står oppført me i folkeregisteret.

Forskrifta har som føremål å syte for faste kringsgrenser som gjev førutseibare oppvekst- og læringsmiljø. Dette skal igjen medverke til å skape tryggleik og gode nettverk for både elevar og foreldre. Lokal forskrift tek stort omsyn til at elevane skal få skulegang på den næraste skulen.

Kommunestyret gjer vedtak om eventuell endring av Lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune.

§2-1 Tal skulekrinsar og geografisk inndeling.

(Her blir å sette inn underpunkt for kvar av dei vedtekne skulekrinsane etter vedtak i kommunestyret i sak om lokal forskrift for skulekrinsar.)

§3 Omfanget av vedtak- og sakshandsamingsrutinane

Rutinane omfattar alle barn som vert omfatta av rett etter Opplæringslova § 2-1, *Rett og plikt til grunnskoleopplæring*. Retten vert utløyst når det er sannsynleg at barnet vil opphalde seg i Norge i minst tre månadar, medan plikta vert utløyst når barnet har budd tre månadar i landet.

Rutinane har hovudvekt på alle tilhøve som vert regulert av Opplæringslova § 8-1, *Skolen*. Det betyr i hovudsak sakshandsamingsrutinar ved vedtak om skuleplassering for nye 1.-klassingar, tilflyttande elevar, handsaming av klager og søknadar om skulegang ved andre skular, samt ved endring av lokal forskrift om skulekrinsar.

§3.1 Ansvarsfordeling

Rådmann har overordna ansvar for å forvalte denne forskrifta.

Rektor har ansvar for opptak av elevar med bustadadresse innan eigen krins, slik den er definert i denne forskrifta.

Rådmann fattar vedtak i søknadar om å gå på skule utanfor opprinneleg skulekrins, og alle klager i høve denne forskrifta.

§ 4 Første gongs vedtak om skuleplass

Alle elevar får første gongs vedtak om skuleplass ut frå den adressa barnet står registrert med i Folkeregisteret.

§ 4.1 Vedtak om skuleplass for kommande førsteklasingar

Skulestartarar får tilsendt einskildvedtak om skuleplass etter Opplæringslova § 8-1, første ledd. Vedtak vert gjort og sendt ut frå den skulen som er eleven sin nærskule etter denne forskrifta. Normalt skal det gjerast enkeltvedtak for alle elevar det året eleven fyller 6 år.

§ 4.2 Vedtak om skuleplass for tilflyttande elevar.

Tilflyttande elevar får tilsendt enkeltvedtak om skuleplass etter Opplæringslova § 8-1, første ledd.

§ 4.3 Vedtak om skuleplass i annan skulekrins.

Rådmann gjer vedtak om skuleplass i annan skulekrins etter søknad. For at slik søknad skal verte innvilga, skal det føreligge særlege omsyn. Dette gjeld også søknadar på bakgrunn av §9a i Opplæringslova.

§ 4.4 Byte av skule ved adresseendring

Der flytting blir gjort internt i kommunen frå ein skulekrins til ein annan, skal føresette gje melding til skulen umiddelbart. Ved flytting skal tidlegare skule varsle ny skule etter denne forskrifta. Ny skule skal gjere nytt vedtak om skuleplass.

§ 5 Klagehandsaming

Alle enkeltvedtak om skuleplass og avslag på søknadar om skulegang på annan skule kan påklagast etter Opplæringslova § 15-1 innan tre veker etter motteke vedtak. Rådmann handsamar alle eventuelle klagar på vedtak eller avslag på søknadar om skuleplass. Viss rådmann opprettheld opprinneleg vedtak, vert saka å sende over til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som fattar endeleg vedtak.

Høyring

I tråd med retningsliner for sakshandsaming i større forskriftsarbeid, vert det nytta relativt god tid i høyringsfasen. Sidan dette er eit viktig element for samfunnsdelen i kommuneplanen, er

det viktig at høyringsinstansane får tid til å drøfte og formulere uttalar og argumentasjon. I rundskriv Udir-2-2012: ”Behandlinga av saker om skolenedleggelse og kretsgrensar” står det m.a. at sidan avgjerdsle om nedlegging av ein skule ikkje er enkeltvedtak, kjem ikkje reglane i forvaltningslova om saksførebuing og klagerett direkte til bruk. Rundskrivet seier at det likevel er eit generelt forvaltningsrettsleg prinsipp at ei sak skal vere forsvarleg klarlagt før avgjerdsle vert teken. I ei slik sak som denne betyr det at kommunestyret skal ha rimeleg kjennskap til synspunkta til dei som vert råka av ei evt. nedlegging, før vedtak vert gjort. I tråd med det som innleiingsvis vart skrive om saksgang, skal namngjevne instansar få høve til å uttale seg før vedtak vert fatta i saka.

Saksgang

Kommunestyret gjer vedtak etter høyring.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Framlegg til vedtak etter KS-084/12, blir difor å uttrykkje slik:

Framlegg til vedtak:

Høyringsframlegg til alternative vedtak om innhald i § 2-1 i forskrift om kringsgrensar for grunnskulen i Selje kommune

Bakgrunnen for vedtaket om høyring på framlegg til ny lokal forskrift for skulekrinsar i Selje kommune, er vedtak KS-084/12.

Med bakgrunn i Forvaltningslova kapittel VII , gjer kommunestyret i Selje kommune vedtak om lokal forskrift for framtidig skulestruktur i Selje kommune ved å velje eit av desse alternativa som gjeldane for innhald i § 2-1 i ny forskrift:

1. Skulekrinsane vert som i dag. Dei geografiske oppdelingane vert som praktisert i dag, og som er skildra i saksutgreiinga.
2. Skulekrinsane i kommunen blir reduserte til tre, og elevane ved Ytre Stad skule og barnehage vert overførte til Stadlandet Oppvekstsenter frå 01.08.2014.
3. Skulekrinsane i kommunen blir reduserte til tre, og elevane ved Flatraket skule vert overførte til Selje skule frå 01.08. 2014.
4. Skulekrinsane i kommunen blir reduserte til to, der elevane ved Ytre Stad skule og barnehage vert overførte til Stadlandet Oppvekstsenter og elevane ved Flatraket skule vert overførte til Selje skule. Iverksetjing frå 01.08.2014.

Lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune

Gjeldande frå 01.08. 2014

Vedteken av kommunestyret i Selje xx.xx.2013

§ 1 Opplæringslova

§1.1 Hovudprinsipp

I § 8-1 i Opplæringslova står det:

Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i §38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidende gjeld ikkje.

Etter søknad kan eleven takast inn på ein annan skole enn den eleven soknar til.

Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skole enn den skolen eleven har rett til å gå på etter første leddet. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Når det er nødvendig, kan eleven flyttast til ein skole utanfor kommunen, men ikkje slik at eleven må flytte ut av heimen eller at skoleskyssen blir uforsvarleg lang.

§1.2 Andre aktuelle avgjerdslar

I tillegg vil følgjande paragrafar i Opplæringslova kunne verke inn på kva skule ein elev skal gå på:

- a) §2-1 Rett og plikt til grunnskoleopplæring
- b) §9a-1 Generelle krav
- c) §9a-2 Det fysiske miljøet
- d) §9a-3 Det psykososiale miljøet
- e) §15-1 Bruk av forvaltningslova
- f) §15-2 Særlege reglar om klageinstans

§ 2 Om lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune

Lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune klargjer kva område i kommunen som soknar til dei ulike skulane – også kalla skulekrinsar. Når det vert gjort vedtak om skuleplass, vert det alltid teke utgangspunkt i den adressa eleven står oppført me i folkeregisteret. Forskrifta har som føremål å syte for faste krinsgrenser som gjev førutseibare oppvekst- og læringsmiljø. Dette skal igjen medverke til å skape tryggleik og gode nettverk for både elevar og foreldre. Lokal forskrift tek stort omsyn til at elevane skal få skulegang på den næraste skulen.

Kommunestyret gjer vedtak om eventuell endring av Lokal forskrift om skulekrinsar i Selje kommune.

§2-1 Tal skulekrinsar og geografisk inndeling.

(Her blir å sette inn underpunkt for kvar av dei vedtekne skulekrinsane etter vedtak i kommunestyret i sak om lokal forskrift for skulekrinsar.)

§3 Omfanget av vedtak- og sakshandsamingsrutinane

Rutinane omfattar alle barn som vert omfatta av rett etter Opplæringslova § 2-1, *Rett og plikt til grunnskoleopplæring*. Retten vert utløyst når det er sannsynleg at barnet vil opphalde seg i Norge i minst tre månadar, medan plikta vert utløyst når barnet har budd tre månadar i landet.

Rutinane har hovudvekt på alle tilhøve som vert regulert av Opplæringslova § 8-1, *Skolen*. Det betyr i hovudsak sakshandsamingsrutinar ved vedtak om skuleplassering for nye 1.-klassingar, tilflyttande elevar, handsaming av klager og søknadar om skulegang ved andre skular, samt ved endring av lokal forskrift om skulekrinsar.

§3.1 Ansvarsfordeling

Rådmann har overordna ansvar for å forvalte denne forskrifta.

Rektor har ansvar for opptak av elevar med bustadadresse innan eigen krins, slik den er definert i denne forskrifta.

Rådmann fattar vedtak i søknadar om å gå på skule utanfor opprinneleg skulekrins, og alle klager i høve denne forskrifta.

§ 4 Første gongs vedtak om skuleplass

Alle elevar får første gongs vedtak om skuleplass ut frå den adressa barnet står registrert med i Folkeregisteret.

§ 4.1 Vedtak om skuleplass for kommande førsteklasingar

Skulestartarar får tilsendt einskildvedtak om skuleplass etter Opplæringslova § 8-1, første ledd. Vedtak vert gjort og sendt ut frå den skulen som er eleven sin nærskule etter denne forskrifta. Normalt skal det gjerast enkeltvedtak for alle elevar det året eleven fyller 6 år.

§ 4.2 Vedtak om skuleplass for tilflyttande elevar.

Tilflyttande elevar får tilsendt enkeltvedtak om skuleplass etter Opplæringslova § 8-1, første ledd.

§ 4.3 Vedtak om skuleplass i annan skulekrins.

Rådmann gjer vedtak om skuleplass i annan skulekrins etter søknad. For at slik søknad skal verte innvilga, skal det føreligge særlege omsyn. Dette gjeld også søknadar på bakgrunn av §9a i Opplæringslova.

§ 4.4 Byte av skule ved adresseending

Der flytting blir gjort internt i kommunen frå ein skulekrins til ein annan, skal føresette gje melding til skulen umiddelbart. Ved flytting skal tidlegare skule varsle ny skule etter denne forskrifta. Ny skule skal gjere nytt vedtak om skuleplass.

§ 5 Klagehandsaming

Alle enkeltvedtak om skuleplass og avslag på søknadar om skulegang på annan skule kan påklagast etter Opplæringslova § 15-1 innan tre veker etter motteke vedtak. Rådmann handsamar alle eventuelle klagar på vedtak eller avslag på søknadar om skuleplass. Viss rådmann opprettheld opprinneleg vedtak, vert saka å sende over til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som fattar endeleg vedtak.

Høyringsbrev

Det skal på bakgrunn av vedtak i Driftsutvalet om høyring på lokal forskrift om skulekrinsar, utferdigast eit høyringsbrev der hovudelementa i forskriftsarbeidet vert skildra, og der det vert opplyst om høyringsfrist. Høyringsfrist i denne saka blir 15. mai 2013.

Etter gjennomgang av innkomne høyringsuttalar, gjer kommunestyret vedtak om lokal forskrift for skulekrinsar i Selje kommune gjennom vål av eit av alternativa i høyringsframlegget som innhald i § 2-1 .

Handsaming i Driftsutvalet - 14.03.2013

7 voterande.

Innkome Referat frå FAU v/Ytre Stadlandet skule og barnehage, dat. 07.03.13 er eit innspel til saka, men ikkje før den er lagt ut til høyring.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

KU-011/13 VEDTAK

Som tilrådinga frå administrasjonen.

Samrøystes.

Utskrift til:

Til offentleg høyring



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	14.03.2013	012/13
Kommunestyret	20.03.2013	019/13

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Gry Otneim Leikanger	FA-K40	13/96

Endring forskrift - Fellingskvote og minsteareal

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
6	I	23.01.2013	Helge Dalsbø	Vedk. fellingskvoter 2013
2	U	31.01.2013	Innbyggjarane i Selje kommune	Fellingskvote og minsteareal
4	I	21.02.2013	Harald Flister	Innspel til høyring
3	I	22.02.2013	Kåre Langenes	Innspel til høyring
7	I	13.03.2013	Barmen grunneigarlag	Innspel til sak 011/13 i Driftsutvalet 14.03.13

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
05.03.2013	Forslag - Forskrift fellingskvote og minsteareal.pdf	43369

Saka gjeld

Utarbeiding av kommunal føreskrift for fastsetning av minsteareal og fellingskvote for hjort i Selje kommune jf. § 8 i *Foreskrift om forvaltning av hjortevilt*.

Opplysningar til saka

Kommunane har frå 2002 hatt mynde til å opne for jakt og fastsetje minsteareal jf. §§ 4 og 5 i forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever. Vidare går det fram av § 6 at kommunane ved tildeling, kan fråvike minstearealet med inntil 50 %.

Historikk:

I foreskrift fastsett av Fylkesmannen 10.12.2001 om jakt etter hjort og elg i Sogn og Fjordane, hadde Selje kommune eit minsteareal på 2000 da pr. dyr. Hjortebestanden auka raskt, og for å minske skadar på jordbruksareal, skog og hagar i tillegg til å halde talet på påkøyrslar og trafikkskader lågt, ynskte ein å redusere minstearealet for å kunne ta ut ein tilstrekkeleg del av hjortestammen gjennom jakt. Eit anna argument som talte for å redusere hjortestammen i kommunen, var å sikre helsa til dyra.

I kommunestyresak PS 045/03, vart minstearealet i Selje kommune redusert til 800 da pr.dyr, unnateke Barmen som på grunn av ein svært stor hjortebestand fekk eit minsteareal på 400 da pr. dyr.

I regelen, jf. § 6 i foreskrift om forvaltning av hjort og bever, fekk då Selje kommune eit tildelinggrunnlag frå 400 da til 1200 da pr. dyr, medan på Barmen vart tildelingsgrunnlaget frå 200 da til 600 da pr. dyr.

I dei siste åra har det vore ein større nedgang i hjortebestanden i Selje kommune og sjølv om ein har redusert tildeleingane, ser nedgangen ut til å halde fram. Ved hjortejakta i 2012 var jaktvalda i kommunen tildelt til saman 296 dyr. Fellingsstatistikken syner at jaktvalda felte til saman 142 dyr som utgjer ein fellingsprosent på 48 %. Utifrå fellingsprosenten kan ein lese at tildelinga ved hjortejakta 2012 var for stor. Ein bør difor auke minstearealet, slik at ein kan tildele færre dyr i ei periode og dermed gje hjortebestanden høve til å ta seg opp att.

Forslag til endring av lokal føreskrift, skal etter FOR 2012-02-10 nr. 134, fremmast før 1.mars og fastsettast av kommunen innan 15. april. Dette høvde ikkje med oppsett møteplan for Driftsutvalet.

I samråd med utvalsleiar, Stein Robert Osdal, vart difor varsel om oppstart av føreskriftsendring og forslag til ny føreskrift sendt ut til alle medlemmane på e-post for godkjenning.

Med bakgrunn i samrøystes godkjenning frå driftsutvalet, la Viltforvaltninga i Selje kommune fylgjande framlegg ut til offentleg ettersyn i perioden 02.02.2013 – 25.02.2013:

Selje kommune skal med heimel i Naturmangfoldloven , Viltloven og føreskrifter, syte for ei god forvaltning av hjortebestanden i Selje kommune.

Selje kommune har difor eit ansvar for å setje i verk tiltak når fellingsrapportar over tid syner nedgang i hjortebestanden, og vil difor auke minstearealet ved å utarbeide ny kommunal føreskrift for fastsetting av minsteareal og fellingskvote for hjortevilt i Selje kommune.

Sakshandsamar tilrår å auke minstearealet i Selje kommune til 1400 da. pr dyr med tildelingsgrunnlag frå 700 da til 2100 da pr. dyr, unnateke Barmen som vert auka til 700 da pr. dyr med eit tildelingsgrunnlag frå 350 da til 1050 da. pr. dyr.

Det kom inn fem innspel til høyringsforslaget:

Vald nr. 32 Flisternes – Sandvik

Det har i dette valdet vore ein stabil og forholdsvis stor hjortestamme i mange år. I år 2012 var det vår – sommar og haustsesongen talt opptil 12-15 hjortar på ein dag. Det er også no i vintersesongen spor etter fleire hjortar.

I dette området er det ein del skade på hagar og slåttemark. Slåttemarka må ofte gjerdast inn med elektrisk gjerde og hagar med vanleg gjerde.

Det har i dette området også vore mange påkøyrslar av hjort. Vi er fire gardsbruk i dette valdet. Vi gjer det slik at kvar enkelt, jaktar kvart fjerde år. Dette gjer at det vert ein variasjon i kor mange dyr som blir skotne det enkelte år. På grunn av det som er påpeika i dette brevet, og at det her er ein stabil hjortestamme, ber vi om at vi får det same tildelingsgrunnlaget som Barmen. Og at vi fortsatt får tildelt tre dyr, eit hanndyr, ei kolle og ein kalv.

*For valda Hatlenes – Øren og Bortne – Berge – Lesto
Tildelinga for desse valda i 2012, står i samsvar med hjortebestanden.
Har sett mykje hjort i Berstaddalen.
Meiner at minsteareal pr. dekar bør gjelde for heile kommunen, også Barmen. 1000 dekar pr. dyr er eit høveleg minsteareal for heile kommunen. Tildelingsgrunnlaget vil då vere frå 500 til 1500 dekar.*

*Innspel frå grunneigar i Morkadalen
Når det gjeld fastsetjing av fellingskvote i Morkadalen for 2013, vil fylgjande etter mitt syn vere det beste:
4 vaksne bukkar, 5 spissbukkar (1,5- åringar), 7 koller og 4 kalvar. Til saman 20 dyr.*

*Innspel frå jeger i Ervik jaktvald
Veldig bra det du gjer med fellingskvoter på hjort i Selje i år. Der er ein sterk reduksjon i stammen og då vil ein med å halvere kvoten (eller lignande) sakte men sikkert bygge seg oppigjen med sterke dyr og rett mengde dyr. I Ervikja såg vi ikkje ei einaste kolle eller kalv. I Morkadalen var der heilt skrapa etter dei fyrste vekene, og det er unormalt i eit slikt kjerneområde.*

*Innspel frå jeger i Nordpoll jaktvald.
Leste brevet frå deg angående minstearealet på tildeling av hjorteløyver. Veldig flott at kommunen tar tak i eit problem som har uroa mange jegerar i dei siste åra.*

Lover/regelverk

Viltloven, Lov av 29.mai 1981 nr.38 om viltet, lovendring av 30.juni 2000.
Naturmangfaldloven, LOV 2009-06-19 nr. 100: Lov om forvaltning av naturens mangfold § 16.

Sakshandsamar si vurdering

Innspela til høringsforslaget er vurdert slik:

Vald nr. 32 Flisternes – Sandvik:

Valdet har hatt ein forholdsvis stor hjortestamme i mange år og ynskjer difor same tildelingsgrunnlag som Barmen for å hindre skader på slåttemark, hagar og påkøyrslar. Med eit minsteareal på 1400 daa for Selje kommune, kan viltforvaltar jf. § 9 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt, fråvike minstearealet jakt på hjort med inntil 50 %. Ved tildeling av hjorteløyve for jaktseongen 2013, vil ein ved hjelp av denne lovparagrafen kunne ta lokale omsyn.

Innspel frå jeger for valda Hatlenes – Øren og Bortne – Berge – Lesto
Fellingsrapportane for desse to valda syner ein god fellingsprosent for jaktseongen 2012. I innspelet frå jeger, vert det peika på at minstearealet bør gjelde for heile kommunen inkludert Barmen. 1000 da pr. dyr med eit tildelingsgrunnlag frå 500 til 1500 daa pr. dyr vert sett som høveleg.

Viltforvaltninga meiner at Barmen bør ha eit noko mindre minsteareal pr. dyr enn kommunen elles, sjølv om fellingsprosenten for Barmen var noko låg i 2012. Elles vil høyringsforslaget frå Viltforvaltninga i stor grad dekke innspelet, då ein jf. § 9 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt, kan fråvike minstearealet jakt på hjort med inntil 50 %.

Innspel frå grunneigar i Morkadalen:

Viltforvaltninga vil ikkje starte arbeidet med å tildele fellingsløyve for jaktseasonen 2013, før ny føreskrift om fellingsløyve og minsteareal er vedteken. Det er likevel på sin plass å nemne at ein ikkje vil kunne tildele færre dyr før minstearealet er auka.

Innspela frå Ervik jaktvald og Nordpoll jaktvald er teke til vitande.

Konklusjon

Minstearealet i Selje kommune vert i ny føreskrift auka til 1400 da. pr dyr med tildelingsgrunnlag frå 700 da til 2100 da pr. dyr, unnateke Barmen som vert auka til 700 da pr. dyr med eit tildelingsgrunnlag frå 350 da til 1050 da. pr. dyr.

Saksgang

Saka skal til kommunestyre for endeleg avgjerd.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Driftsutvalet vedtek ny føreskrift for fellingskvote og minsteareal slik den ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 14.03.2013

7 voterande.

E-post, dat13.03.13 frå Håvar Fagerli vart referert i møtet.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen vart samrøystes godkjend.

KU-012/13 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	14.03.2013	013/13

Sakshandsamar Gry Otneim Leikanger	Arkiv FA-V18	Arkivsak 13/15
---------------------------------------	-----------------	-------------------

SMIL 2013 - Søknad om tilleggsløyving

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
5	U	05.03.2013	Til de som har søkt om SMIL-midler i 2008	SMIL - varsel om inndraging av midlar

Saka gjeld

Søknad om tilleggsløyving for påbegynte prosjekt.

Opplysningar til saka

Selje kommune har hatt ein gjennomgang av godkjende søknadar med utgått arbeidsfrist. I brev datert 18.02.2013, varsla kommunen inndraging av alle tilskot løyvde i 2007 og bakover i tid jf. Foreskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket § 3, fjerde ledd:

Det kan settes vilkår for innvilging av tilskudd til det enkelte prosjekt og tiltak. Frist for gjennomføring av prosjekt etter § 4 og tiltak etter § 5 er tre år fra hvert tilskudd ble innvilget., med mindre kommunen har satt kortere frist ved innvilgelsen av søknaden. Kommunen kan etter søknad forlenge gjennomføringsfristen, men ikke utover fem år fra tilskuddet ble innvilget.

Søkjar vart i dette brevet informert om dispensasjonsreglane jf. § 8 i føreskrifta og høvet til å søkje om tilleggsløyving for påbegynte prosjekt gjennom ordinær søknad.

Det er så langt kome inn to tilleggssøknadar.

Lover/regelverk

Foreskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Sakshandsamar si vurdering

Søknad nr. 1:

Rydding av bartre langs steingard / restaurering av kulturlandskap, journalnr; 05/005919. Søkjar fekk i sak 05/00234-4/V18 69/04 løyvd 8100 kroner frå tilskotsordninga. Denne løyvinga er inndregen og det er ligg føre søknad om å få dette beløpet utbetalt som tilleggsløyving. Prosjektet er ferdigstilt.

Søknad nr. 2:

Restaurering av gamal låve i tradisjonell grindkonstruksjon, journalnr; 05/005915. Søkjar fekk i sak 05/00570-4/V18 eit tilskot på 84.434 kroner. Det gitt delutbetaling på kroner 42.000,- 26.06.2006 og kroner 21.324,- 16.11.2006. Saldo på kroner 21.110,- er inndregen. Søkjar har søkt om å få desse utbetalt gjennom tilleggssøknad. Det er føreteke synfaring på staden 04.03.2013.

Søknadane er i tråd med § 1 i Foreskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket og er prioritert ut frå lokale målsetnadar og strategi.

Konklusjon

Sakshandsamar tilrår utbetaling.

Saksgang

Saka stoppar i Driftsutvalet med mindre den vert påklaga. Klagefrist er tre veker etter at vedtaket er kome fram til parten /-ane.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Søknad nr. 1:

Selje kommune tilrår utbetaling på kroner 8.100,-

Søknad nr. 2:

Selje kommune tilrår utbetaling av kroner 21.110 ,-

Handsaming i Driftsutvalet - 14.03.2013

7 voterande.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

KU-013/13 VEDTAK

Søknad nr. 1:

Selje kommune tilrår utbetaling på kroner 8.100,-

Søknad nr. 2:

Selje kommune tilrår utbetaling av kroner 21.110 ,-

Samrøystes.

Utskrift til:
Søkjarane



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	14.03.2013	014/13

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Terje Nybakk	FA-Q14	13/24

Kommunal veg, Salt - Endring fartsgrense

Dokumentliste

Vedlegg i saka

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	08.01.2013	Venke Moldestad	Fartsgrense - Salt
2	U	31.01.2013	Sogn og Fjordane Politidistrikt	Søknad om redusert fartsgrense, kommunal veg på Salt - Uttale
3	I	11.02.2013	Politiet	Uttale til søknad om redusert fartsgrense på Salt
5	U	15.02.2013	Oppsitjarane v/Venke Moldestad	Søknad om fartsreduksjon-Salt -uttale

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
12.02.2013	Uttale til søknad om redusert fartsgrense på Salt	42626
13.02.2013	Vegkart-salt.pdf	42659

Saka gjeld

Søknad om redusert fartsgrense på kommunal veg til Salt.

Opplysningar til saka

Det vert søkt om redusert fartsgrense til 30 km/t på heile vegstrekninga frå fv. 618, total lengde 1300 m.

Av søknaden går fram at svært mange held mykje større fart enn det tilhøva skulle tilsei. Har vore mange trafikkuhell.

Generelt ønske om at alle skal kunne føle seg trygge.

Eksisterande skilt som viser eksisetrande fartsgrense er gamle og falma.

I dag er fartsgrensa på fv.618 forbi Salt 60 km/t.

På fyrste 800 m av kommunevegen er fartsgrensa 80 km/t og på siste 500 m er fartsgrensa redusert fartsgrense til 50 km/t.

Lover/regelverk

Vegtrafikklova, kap. 13, § 26.

Evt. endring av fartsgrensa er ei lokal forskrift og tilrådinga i saka har difor vore kunngjort på kommunen si heimeside, med frist til å kome med uttale.

Saka har elles vore oversendt politiet til uttale.

Det er ikkje kome inn motsegner.

Finansiering

Kostnad med evt. nye skilt vil måtte takast av vedlikehaldsmidlane på veg.

Sakshandsamar si vurdering

Er litt usikker på om redusert fartsgrense vil redusere fartsnivået i dette området.

Til det er busetnaden kanskje ikkje tett nok.

Bør i alle fall berre reduserast på siste 500 m av vegen, der det er tettast bygd.

Skal redusert fartsgrense ha nokon effekt utan fysiske tiltak, må trafikkantane som minimum oppleve eit behov for å redusere farta.

Det vil dei heilt klart ikkje gjere på første 800 m av vegen.

Fartsgrense på 30 km/t på ei så lang strekning nesten utan busetnad, vil medføre generell manglande respekt, og vil berre medføre endå større trafikkfare.

Faren er at berre dei mjuke trafikkantane vil oppføre seg i tråd med fartsgrensa.

Fartsgrense på 80 km/t på første del av vegen vert dog vurdert for høgt, særskilt i høve standarden på den, og vert difor tilrådd redusert til 50 km/t.

Konklusjon

Fartsgrensa på første 800 m vert tilrådd redusert frå 80 til 50 km/t.

Fartsgrensa på siste 500 m vert tilrådd redusert til frå 50 til 30 km/t.

Saksgang

Endeleg vedtak i Driftsutvalet.

Vedtak om redusert fartsgrense er ei lokal forskrift og kan ikkje påklagast.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Driftsutvalet vedtek å redusere fartsgrensene på kommunevegen til Salt slik det går fram av saksutgreiinga:

Fartsgrensa på første 800 m skal vere 50 km/t.

Fartsgrensa på siste 500 m skal vere 30 km/t.

Plasseringa av skilta skal vere slik det går fram av kartvedlegg dat. 13.02.13.

Kostnadane med skiltinga vert å dekke over vegvedlikehaldsbudsjettet.

Handsaming i Driftsutvalet - 14.03.2013

7 voterande.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

KU-014/13 VEDTAK

Driftsutvalet vedtek å redusere fartsgrensene på kommunevegen til Salt slik det går fram av saksutgreiinga:

Fartsgrensa på første 800 m skal vere 50 km/t.

Fartsgrensa på siste 500 m skal vere 30 km/t.

Plasseringa av skilta skal vere slik det går fram av kartvedlegg dat. 13.02.13.

Kostnadane med skiltinga vert å dekke over vegvedlikehaldsbudsjettet.

Samrøystes.

Utskrift til:

Oppsitjarar Salt v/Venke Moldestad



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	14.03.2013	015/13
Kommunestyret	20.03.2013	013/13
Formannskapet	20.03.2013	028/13

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Åse Elin Hole	FE-120, FA-F00	12/959

Permanent mottaksordning for personar utsette for seksuelle overgrep - Tilslutnad til ordninga

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	16.08.2012	KS Sogn og Fjordane	Etablering av overgrepsmottak i Sogn og Fjordane
4	U	05.12.2012	Dei som skal ha utskrift /vKS Sogn og Fjordane	Melding om vedtak - Plan for mellombels ordning for overgrepsmottak for kvinner utsatt for seksuell vold - Tilslutnad til ordninga
5	I	08.02.2013	KS Sogn og Fjordane	Framlegg til saksutgreiing med forslag til vedtak i høve handsaming i kommunane
7	I	06.03.2013	KS	Overgrepsmottak - Forslag til saksutgreiing og vedtak
8	I	07.03.2013	KS / Sunnfj. og Ytre Sogn interkomm. legevaktsamarb. SYS-IKL	Sak om overgrepsmottak - Presisering av roller

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
25.10.2012	Plan for mellombels ordning for overgrepsmottak for kvinner for seksuell vold - Tilslutnad til ordninga NGA	39779
07.03.2013	Plan OMOTT - rev etter KS.DOC	43518
07.03.2013	Endeleg selskapsavtale OMOTT.DOCX	43519
11.03.2013	Melding til kommunane i Sogn og Fjordane gjennom KS docx.doc	43650

Saka gjeld

Ein syner til plan for midlertidig mottaksordning for seksuelle overgrepsmottak (heretter kalla SOMott) i Sogn og Fjordane. Selje kommune slutta seg til denne ordning i Kommunestyre sak 052/12 den 01.11.2012.

Den mellombelse løysinga som vart avtalt mellom SYSIKL og Helse Førde 14.05.12, opphøyrer den 01.05.13. Sogn og Fjordane står då, som einaste fylke i landet, utan eit kompetent tilbod til personar utsette for seksuelle overgrep.

Opplysningar til saka

Leiinga ved SYSIKL har arbeidd vidare med det utkastet som vart framlagd av arbeidsgruppa nedsett av SYSIKL. Endeleg plan for SOMott i Sogn og Fjordane har vidare vore behandla av fagråd og styret i SYSIKL, og vart behandla av KS sitt Fylkesmøte 7. februar 2013.

Plan fylgjer vedlagt.

Samrøystes vedtak frå Fylkesmøtet i KS Sogn og Fjordane, 7. februar 2013:

- 1. KS Sogn og Fjordanes oppmodar kommunane i fylket om å gi sin tilslutnad til oppretting av overgrepsmottak for personar utsette for seksuelle overgrep, som eit interkommunalt samarbeid i samsvar med Kommunelova § 27, og i tråd med revidert utgåve av plan for overgrepsmottak av 10.01.13.*

På sikt ynskjer ein at drifta ved overgrepsmottaket utvidast til også å gjelde all vald i nære relasjonar, men dette vil krevje at det løyvast midlar frå staten til slik drift.

Følgjande vert elles lagt til grunn:

- 2. Samarbeidsavtale om overgrepsmottak i Sogn og Fjordane, oppretta etter kommunelova § 27, skal gjelde.*
- 3. Overgrepsmottaket vert oppretta som eit felles mottak for alle kommunane i fylket tilknytt Sunnfjord og ytre Sogn interkommunale legevakt.*
- 4. Styret for overgrepsmottaket skal vere personidentisk med styret for SYS IKL med tillegg av ein representant for Nordfjorrådet og Sogn regionråd.*
- 5. Fordeling av kostnader mellom kommunane skal gjerast med 25 % av kostnadane likt fordelt mellom kommunane og 75 % av kostnadane fordelt etter folketalet ved sist årsskifte.*
- 6. Fylkesmøte meiner at modell 3 ville kunne fungere som eit godt tilbod, men har oppfatta at dette synet ikkje samsvarar med legane sine vurderingar.
**Fylkesmøte vil derfor tilrå at modell 2 som ei startordning vert lagt til grunn for legetilsyn i overgrepsmottaket, då denne modellen av fagmiljøet vert uttalt å vere likeverdig med modell 1 fagleg sett.
Modell 2 vil bli om lag 1/2 million kroner billigare enn modell 1 med stipulert tal saker innanfor noverande driftsordning utan tilbod til saker vedrørande vald i nære relasjonar.***
- 7. Fylkesmøte legg til grunn at modellen vert vurdert innan 2 år etter oppstart.*

Lover/regelverk

- NOU 4 – 2008. Frå ord til handling
- IS-1457 Overgrepsmottak, Veileder for helsetenesten.
- Krisesenterlova

Finansiering:

Selje kommune forpliktar å slutte seg til val av modell 2 i tråd med samrøystes vedtak gjort av Fylkesmøtet i KS Sogn og Fjordane, 7. februar 2013. Dette innebere ein årleg kostnad på kr 85 000,- for Selje kommune. Midlar vert finansiert over ansvar 720 – interkommunale tiltak.

Sakshandsamar si vurdering

Skal Selje kommune kunne gi eit kvalitativt godt og trygt tilbod til denne målgruppa, er vi avhengig av å samarbeide med andre kommuner for å kunne yte denne tenesta.

Konklusjon

Selje kommune sluttar seg til ordninga og forpliktar seg slik det går fram av saksframlegget.

Saksgang

Kommunestyret gjer endeleg vedtak.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune sluttar seg til permanent ordning for overgrepsmottak for personar utsett for seksuell vald, slik det framgår av vedlagte plan frå Overgrepsmottak i Sogn og Fjordane og vedtak i KS Sogn og Fjordane sitt Fylkesmøte 7. februar 2012. Oppstart 01.05.2013

Selje kommune forpliktar seg som deltakar i ordninga til å svare for den økonomiske kostnaden som følgjer av fordelinga kommunane imellom i planen.

Handsaming i Driftsutvalet - 14.03.2013

7 voterande.

Framlegg frå Driftsutvalet:

Som tilrådinga frå administrasjonen med fylgjande tillegg:
Midlar vert finansiert over ansvar 720 – interkommunale tiltak.

Røysting:

Framlegg frå Driftsutvalet vart samrøystes godkjend.

KU-015/13 FRAMLEGG

Som framlegg frå Driftsutvalet.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	14.03.2013	016/13
Formannskapet	20.03.2013	030/13
Kommunestyret	20.03.2013	015/13

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Åse Elin Hole	FE-234, FA-G21	12/727

Legevakttelefon i Nordfjord - Godkjenning av kostnadsramme

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	30.04.2012	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Legevaktsentral og legevaktnummer - prøveprosjekt
2	I	05.06.2012	Helse Førde	Brev om legevaktstelefonstral for kommunar i Nordfjord
3	I	05.07.2012	Vidar Roseth	Brev om framtidig løysing for legevaktstelefonsentral for kommunar i Nordfjord
4	I	28.08.2012	Rune Engeseth	VS: Notat om mellombels løysing for legevaktformidling for rask vurdering
5	S	13.09.2012		Framtidig drift av legevaktstelefonsentral i Nordfjord.
6	U	10.10.2012	Helse Førde HF	Melding om vedtak - Framtidig drift av legevaktstelefonsentral i Nordfjord.

Saka gjeld

Godkjenning av kostnadsramme for drift av Nordfjord legevakttelefon lokalisert ved Nordfjord sjukehus.

Bakgrunn for saka:

Denne saka er nær knytt til drift av Nordfjord legevakt og framtidig drift av ØH senger ved Nordfjord Sjukehus.

Helse Førde varsla våren 2012, at dei ville flytte Legevakttelefon frå Nordfjord sjukehus til AMK i Førde. Det blei arbeidd med denne saka sommar- og haust 2012, med mål om å styrke Nordfjord legevakt gjennom og behalde telefonsentralen på NSH

Hausten 2012 gjorde i Eid, Stryn, Hornindal Vågsøy og Selje følgjande vedtak:

- «1.NN kommune vedtek etablering av legevaktformidling knytt til NLV på Nordfjord Sjukehus. Det skal utarbeidast ein eigen vertskommuneavtale for legevaktformidling*
- 2.Etablering av interkommunal legevaktsformidling krev eit tett samarbeid med Helse Førde om bemanning av sentralen i ein overgangsfase/oppbyggingsfase*
- 3.Kommunane i Nordfjord ber om at legevaktformidling vert teke inn som eit prosjekt i «Framtidas Lokalsjukehus»*
- 4..Driftskostnader knytt til ordninga er berekna til 2,7 mill kr. pr år og skal fordelast mellom kommunane med fordeling av kostnadene med 25 % fast og 75 % etter innbyggjartal».*

Gloppen var opphavleg positiv til deltaking i felles legevakttelefon for Nordfjord, men valde i 12. time å fortsette med å kjøpe teneste frå AMK i Førde. Det gjer at kostnaden må fordelast på 5 kommunar, og ikkje 6 som opphavleg planlagt.

Legevaktsentralen vart flytta frå Eid til Førde frå 1/10-12. Helse Førde la sterkt press på kommunane for å få tenesta tilbake til Nordfjord fordi dei ikkje hadde bemanning til utvida drift ved AMK - Førde. Eid kommune jobba mykje i oktober og november med å rekruttere personale til sentralen.

Frå 3/12-12, vart legevakttelefon i kommunal regi starta opp i lokale på NSH , i starten med noko fast personale kombinert med vikarar frå vikarbyrå. Frå midten av februar er alle tilsette på plass i dei oppretta stillingane.

Bemanning av sentralen krev 3,9 årsverk, Pr i dag har vi 3 sjukepleiarar og 3 spesialsjukepleiarar. 4 av dei tilsette har lang erfaring frå drift av LV telefon. Telefon er bemanna frå kl. 15.15 til kl. 0800 alle kvardar. Laurdag, søndag og helgedagar er det bemanning 24 timar i døgnet.

Kostnaden har vorte høgare enn fyrst planlagt. Det skuldast forhold kring rekruttering. Aktuelle søkjarar hadde høgare utdanning/kompetanse enn det som låg til grunn i sak 132/12. Stor grad av ubekvem arbeidstid gjev rett til redusert arbeidstid til 33,6t /veke. Effekt av lønsoppgjær for 2012 er inne i budsjett for 2013.

Oppretting av telefonsentralen har gjeve ei styrking av NLV. Legar og hjelpepersonale får meir støtte, legevakta har fått betre fagleg kompetanse å støtte seg på. I tillegg vil ca. 1 årsverk frå legevakttelefonen kunne nyttast opp mot drift av framtidige ØH døgnplasser på medisinsk avdeling. Det gjev tilsvarende redusert behov for kjøp av tenester frå HF.

ØH senger skal finansierast med øyremerka statlege midlar for å få tilbodet på plass innan 2016.(viser til eiga sak om ØH senger)

Kostnader:

Brutto kostnad med drift av legevakttelefon vert på 3,0 mill. kroner. Av dette kan 0,75 mill. brukast til drift av kommunale ØH senger og gje redusert kostnad på kjøp av pleietenester frå HF. Ein står då att med ein netto kostnad på 2,25 mill. på drift av legevakttelefon. Fordelt på 6 kommunar ville ein ha fått følgjande årskostnad pr. kommune :

Kostnader pr kommune: 2013.	Eid	Hornindal	Stryn	Vågsøy	Selje	Gloppen
Fast 25 %	93 384	93 384	93 384	93 384	93 384	93 384
Innbygger 75 %	344 956	72 138	414 005	356 552	162 514	330 738
Sum kommuar :	438 340	165 521	507 389	449 935	255 897	424 122

Pr måned	36 528	13 793	42 282	37 495	21 325	35 343
-----------------	---------------	---------------	---------------	---------------	---------------	---------------

Desse summene er om lag som den same som kommunane hadde i avtalen med HF vår 2012. I den gamle avtalen med HF var kostnaden fordelt utlukkande på innbyggjarar, mens det i denne fordelinga ligg inn ein fast kostnad pr. kommune på 25 %, resten på innbyggjartal (som vedteke i saka hausten 2012)

Som følge av at Gloppen kommune trakk seg ut av samarbeidet i 12. time, må kostnaden fordelast på dei fem kommunane som deltek i NLV. Vi får då følgjande tal for 2013:

Kostnader pr kommune: 2013.	Eid	Hornindal	Stryn	Vågsøy	Selje
Fast 25 %	112 060	112 060	112 060	112 060	112 060
Innbygger 75 %	429 698	89 859	515 710	444 142	202 437
Sum kommunar	541 758	201 919	627 770	556 202	314 497

Kostnad pr mnd	45 147	16 827	52 314	46 350	26 208
-----------------------	---------------	---------------	---------------	---------------	---------------

For Selje kommune er dette ein auke på ca kr 60 000,- pr år samanlikna med det Selje kommune betalte for denne tenesta våren 2012. Det kan sjå ut som ein stor auke, men ein må då ta høgde for at Helse Førde varsla prisauke på denne tenesta sommar 2012. Det er difor uråd å sei eksakt kva differanse det ville blitt mellom ny avtale med HF og eiga drift på HSH.

Lover/regelverk, avtalar m.m.:

[*I «Forskrift om krav til akuttmedisinske tjenester utenfor sykehus» vert det i detalj omtala kva plikter kommunane har.*](#)

Kapittel 2. Medisinsk nødmeldetjeneste.(utdrag frå forskrifta)

§ 6. Definisjon

Med medisinsk nødmeldetjeneste menes et landsdekkende, organisatorisk og kommunikasjonsteknisk system for varsling og håndtering av henvendelser om behov for akuttmedisinsk hjelp og kommunikasjon innen helse- og omsorgstjenesten.

0 Endret ved forskrift 17 jan 2013 nr. 61.

§ 7. Ansvarsforhold

Kommunen har ansvar for:

- a) etablering og drift av et fast legevaktnummer som er betjent hele døgnet*
- b) etablering og drift av LV-sentral, jf. § 8 og § 10*
- c) kommunikasjonsberedskap og nødvendig kommunikasjonsutstyr for helsepersonell i akuttmedisinsk beredskap i kommunen*
- d) samarbeid med regionale helseforetak for å samordne kommunikasjonen mellom den kommunale legevaktordningen, jf. kapittel 3 og øvrige akuttmedisinske tjenester.*

§ 10. Nærmere om LV-sentralene

LV-sentralene:

- a) skal motta og håndtere henvendelser via et fast legevaksnummer innenfor et fastsatt geografisk område, herunder prioritere, iverksette og følge opp henvendelser til lege i vaktberedskap, hjemmesykepleier, jordmor, kriseteam og andre relevante instanser*
- b) skal kunne kommunisere direkte og videreformidle henvendelser om akuttmedisinsk hjelp til AMK-sentralen*
- c) må ha et forsvarlig system for dokumentasjon av kommunikasjon, og bør ha utstyr for logging av viktig trafikk.*

Finansiering

Auke med kr 60 000,- pr år må tilførast ansvar 432 – legetenesta.

Sakshandsamar si vurdering

Syner til eiga sak om styrking av Nordfjord legevakt og oppretting av kommunale ØH senger på NSH. Disse tre sakene heng tett saman og er både fagleg og økonomisk avhengig av kvarandre. Lokalisering av desse tenestene på Nordfjord sjukehus vil gje fagleg gode tenester. Det vil styrke Nordfjord sjukehus og gje synergi effektar på dei 3 kommunale tenestene. Legevakttelefon har betra forholda for legar og hjelpepersonale på natt og helg. Kompetansenivå og kapasitet i legevakta er vorte betre og ein er mindre sårbar på dei mest besøkte dagane. Også HF vil ha positive synergieffektar, både fagleg og økonomisk gjennom samarbeid med kommunane i Nordfjord. Det gjeld i forhold til drifta av medisinsk avdeling og skadepoliklinikken ved Nordfjord sjukehus.

Det skal innførast nytt nødnett i Sogn og Fjordane i 2014. Det vil krevje innkjøp av nytt utstyr både på legevakttelefon, i legevakt og på kommunale legekantor. Også brann og omsorgstenester skal skifte ut gammalt utstyr med nytt digitalt utstyr i 2014.

Konklusjon

Selje kommune sluttar seg til modellen slik den ligg føre, og meirkostnadane på kr 60 000,- må tilførast ansvar 432- legetenesta med tilsvarande sum.

Saksgang

Saka vert endeleg handsama i Kommunestyre.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

1.Selje kommune godkjenner brutto ramme på 3,0 mill kroner som grunnlag for driftsbudsjett for legevakttelefon i 2013.

2. Det skal overførast kr .750.000 frå ØH senger til legevakttelefon som kompensasjon for nattevakt måndag til torsdag. Netto ramme for drift av legevakttelefon vert 2,25 mill kr.

3.Det skal utarbeidast ei samla vertskommuneavtale (§ 28 b) for drift av Nordfjord legevakt, legevakttelefon, drift av ØH døgnplassar og interkommunal kreftkoordinator. Denne avtalen skal leggast fram for godkjenning i kommunane i mai 2013.

4. Meirutgifter på kr 60 000,- som følgje av denne saka, vert å innarbeide i budsjettendings-sak i juni 2013.

Handsaming i Driftsutvalet - 14.03.2013

7 voterande.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen vart samrøystes godkjend.

KU-016/13 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	14.03.2013	017/13
Formannskapet	20.03.2013	029/13
Kommunestyret	20.03.2013	014/13

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Åse Elin Hole	FA-G21	13/230

Ny driftsmodell for Nordfjord legevakt

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	05.03.2013	Eid kommune v/Rune Engeset	Ny driftsmodell for Nordfjord legevakt
4	I	06.03.2013	Eid kommune v/Rune Engeseth	Kostnad ny driftsmodell - NLV
3	I	06.03.2013	Rune Engeseth	Teikning nye legevaktlokale

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
06.03.2013	Kostnadsoverslag.PDF	43496
06.03.2013	Teikning nye legevaktlokale.PDF	43490

Saka gjeld

Det er 4 hovudpunkt som er bakgrunn for denne saka:

1. Behov for styrking av legekapasitet på Nordfjord legevakt, spesielt i helg og høgtid..
2. Oppretting av kommunale ØH senger ved Nordfjord sjukehus. (sjå eiga sak om bakgrunn for dette)
3. Etablering i nye lokaler, ny leigeavtale med HF.
4. Behov for ny rekruttering av legevaktsjef/medisinsk fagleg rådgjevar.

Opplysningar til saka

1. Det har i fleire år vore behov for å styrke Nordfjord legevakt.

Det gjeld spesielt på helg. Etablering av legevakttelefon har gjeve god støtte til legar på natt og helg, auka kompetanse og betre kapasitet. Men det er framleis behov for betre kapasitet på **lege resurs** på dagtid i helgane, uavhengig av etablering av ØH senger ved NSH.

2. Oppretting av kommunale ØH senger ved NSH.

Det vil krevje meir legeressursar for at ein skal kunne gje eit forsvarleg tilsyn med ØH sengene. Fagleg ligg dette tilbodet mellom ein kommunal sjukeheimplass og medisinsk avdeling i spesialisthelsetenesta. Det er krav om dagleg tilsyn og det skal vere eit system der responstid på lege skal vere under 1 time. Det har vore drøfta kjøp av legetenester frå NSH, men det har ikkje vore vilje til å la kommunane kjøpe legetenester.

Organisering av legetilbodet til ØH senger har vore gjenstand for drøftingar/forhandlingar med legane i Nordfjord. Dette er eit område som framleis er dårleg regulert i tariffavtaler, slik at har vore naudsynt å finne fram til løysingar som både kommunane og fastlegane kan akseptere. I Nordfjord er det 25 fastlegar, av desse har 8 fritak frå vakt. Fastlegane står fast på at arbeidsbelastinga med kurativ liste, legevakt og off. oppgåver allereie er for stor.. Samhandlingsreforma har gjeve auka press på fastlegane. For å kome fram til ein avtale om legetilsyn knytt til det nye tilbodet om ØH senger på NSH, må Nordfjord legevakt styrkast med legerussusar på dagtid laurdag og søndag. Dersom dette skal leggast til dei faste legane i Nordfjord, vil det gje langt fleire vakter for dei legane som har plikt til å delta i vakt. Samstundes er det slik at mange av dei legane som er aktuelle søkjarar til ledige fastlegeheimlar i Nordfjord er unge, dei er kvinner i etableringsfasen og dei ynskjer ikkje den store totale arbeidsbelastinga det er med kurativt arbeid, offentlege oppgåver og i tillegg ha stor vaktbelasting. Rekruttering av unge fastlegar til slike arbeidsforhold vil verte svært vanskeleg.

Ein har difor sett på ein modell der ein legg opp til å rekruttere vikarlegar/fast tilsette legar som i hovudsak skal ha legevaktarbeid, både på Nordfjord legevakt og knytt til tilsyn på ØH senger på kveld og natt. I tillegg vil ein supplere med 2 dagar kurativt arbeid på legekontor i kommunar i Nordfjord som har behov for auka kapasitet. Eit slikt system vil gje vikarlegar ei inntekt som vert attraktiv i vikarmarkedet.

Ny driftsmodell for Nordfjord legevakt.

Det er lagt opp til bruk av to vikarlegar som til ei kvar tid skal ha vakt på natt, helg og beredskap på ØH senger på kveld i vekedagane. Det vert organisert med drift som næringsdrivande på kveld og dagtid helg, mens alle nattevakter er på fastlønn (dette er same ordning som vi har for fastlegane pr i dag) Det vert lagt opp til å ha 4-6 faste vikarlegar som sirkulerer på å dekke desse vaktene. Legane vil verte etablert i bustad på Eid med kort avstand til Nordfjord legevakt og ØH sengar.

I tillegg er det lagt opp til at det vert etablert ei ekstra (ny) dagvakt for fastlegane på laurdag, søndag og helgedagar. Dei vil gå på fastløn og ha ansvar for det faste tilsynet med ØH senger på dagtid i helg og høgtid. Totalt vil tilsynslege og fastlegar stå for alt fast tilsyn med ØH senger på NSH. Berre tilfeldig tilkalling mellom det faste tilsynet vil bli utført av vikarlegar.

Vaktbelastning for fastlegar.

Fastlegane i Nordfjord vil etter ny modell ha ansvar for legevakt på dag lokalt i kommunane og vakt frå 1600 til kl. 20.00 på kveldstid i veka. (til kl. 22. 00 i dag) I tillegg vil dei ha dagvakt på NLV i helg og høgtid. Skal avlaste døgnvakta på dag og ha ansvar for tilsyn på ØH senger.

Vikarlegar/fast tilsette vaktlegar skal ha ansvar for nattevakt 7 dagar i veka, beredskapsvakt frå kl. 16.00 til kl. 22.00 alle vekedager og døgnvakt på NLV helge og høgtidsdagar.

3. Leigeavtale nye lokaler på NSH (Nordfjord Sjukehus)

I samband med oppbyggingar ved NSH, er det er planlagt nye lokale for Nordfjord Legevakt. I lokala vert det sam lokalisering av legevakt, legevakttelefon og lokala vert nært knytt opp til lokale for skadepoliklinikk. Inngang vert gjennom hovudinngang på sjukehuset og vestibyle vil fungere som venterom for legevakta. Forhandlingar om ny leigeavtale er ikkje heilt slutført, men den nye avtalen vert noko meir kostbar enn tidlegare avtale. Det skuldast at dei nye lokala er større og betre enn dei gamle og er betre tilrettelagde for drift av legevakt. Det vert også plass til NLVT . Skadepoliklinikk er samlokalisert med NLV, og desse lokala kan nyttast vederlagsfritt ved behov.

Gjeldane avtale er på 175.000 kr pr. år mens den nye vil kome på ca. 238 000 kr år. Det er ein auke på 63.000 kr år. Areal leige er sett til 2000 kr per m2. Arealet er på 72 m2 og utgjer samla ca. 165.000,- kr. per år , inkludert 18 % av fellesareal. Resterande på beløp ca. 73 000 kr går til medisinsk utstyr, eingongsutstyr, tenester frå lab, rtg. reinhald, strøm, m.m.

Lokale vil på dagtid kunne fungere som kontor for interkommunal kreftkoordinator, tilsynslege og som kontor for leiar for ØH senger. Det vert på denne måten ei effektiv utnytting av lokale heile døgnet/veka.

4. Medisinsk fagleg ansvarleg for NLV.

Nordfjord legevakt har dei siste åra hatt kommunelege 1 i Vågsøy som legevaktsjef. Han har gjort jobben til ein svært låg kostnad for kommunane i Nordfjord. Han har no sagt opp og stillinga, og det er naudsynt å auke kostnaden til dette føremålet for å kunne rekruttere ny legevaktsjef. Det er planlagt ein kombinert 50 % stilling, der 30 % stilling vert tilsynslege ved dei planlagde ØH sengene, og 20 % skal gå til medisinsk fagleg ansvarleg for legevakt/legevakttelefon. Det skal innførast nytt naudnett frå 2014 og det er venta ei ny melding om krav til akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus. Det er nødvendig å styrke den medisinsk faglege kapasiteten i NLV for at ein skal kunne ha ein forsvarleg fagleg kvalitet på tenesta. Det vil då vere behov for ei økonomisk styrking på ca.kr. 150.000,- pr. år i NLV.

Økonomiske konsekvensar:

Kostnader knytt til punkt 1 og 2 ovafor vil i hovudska kunne dekkjast inn gjennom bruk av 0,5 mill. frå tilskot til drift av ØH senger. (sjå vedlegg 1)

Punkt 3. Ny leigeavtale med NSH vil gje ein meirkostnad på kr 63.000.-

Ny rekruttering og styrking av funksjon som medisinsk fagleg ansvar (20 % stilling) vil ha ein forventa meirkostnad på om lag kr. 150.000,- i forhold til gjeldane budsjett.

Samla gjev dette eit behov for å styrke NLV med **kr. 213.000,-** pr. år i forhold til gjeldande budsjett. Det er då føresett at avd. for ØH senger kjøper tenester ved NLV for 0,5 mill. kr pr. år og ei innsparing i kommunane som følgje av redusert vakt på kveld vert ein del av inntektsgrunnlaget for NLV.

For den enkelte kommune i Nordfjord vil ny modell gje følgjande meirkostnad:

Kostnader pr. kommune 2013:					
	Eid	Hornindal	Stryn	Vågsøy	Selje
Fast 25 %	10 650	10 650	10 650	10 650	10 650
Innbygger 75 %	40 838	8 540	49 012	42 210	19 239
Sum kommunar for NLV. (auka årskostnad)	51 488	19 190	59 662	52 860	29 889

Med oppstart av ny modell i september 2013, vil kostnaden verte ca. 50 % av årskostnaden for 2013.

Lover/regelverk

[Helse og omsorgslova.](#)

[Forskrift om akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus.](#)

Finansiering

Auka kostnader til Nordfjordlegevakt vert finansiert over ansvar 432-legetenesta. Ansvar 432 må tilførast tilsvarende auke med kr 30 000,- for budsjettåret 2013.

Sakshandsamar si vurdering

Saka krev felles vedtak i Nordfjord. Det er difor viktig med samkjøring av politisk vedtak og det er svært viktig å sjå denne sak i samanheng med saka om godkjenning av rammer for drift av legevakttelefon og drift av ØH senger. Desse tre saken er både økonomisk og fagleg gjensidig avhengig av kvarandre. Det vil ikkje ver mogleg å drifte ØH senger utan ein tilpassa legeteneste og drift av legevakttelefon vil vert kostbar utan sal av tenester på natt til avd. for ØH senger.

Mange fastlegar med fritak frå vakt, yngre legar som vil ha ein jobb som kan kombinerst med eit familieliv og auka legetenester knytt til ØH senger, tvingar fram ei omlegging av arbeidstid for legar ved NLV. Stryringsgruppa for NLV har vurdert ulike alternativ og kome til at det framlegget som vert lagt fram i denne saka vil kunne gje stabile fastlegar i Nordfjord. Stabilitet i fastlegekorpsset i Nordfjord er svært viktig for gode kommunale helsetenester og godt tverrfagleg samarbeid internt i kommunane. Det vil også gje godt og stabilt samarbeid med spesialist helsetenesta. For å få til eit opplegg som kan sikre dette, har ein kome fram til ein modell der nokre få vikarlegar utfører store delar av vaktarbeidet på natt og helg. Dag legevakt og lokal vakt på kveld vil framleis ligge til fastlegane. Tilsyn med ØH senger på dagvakt i helg vil også vere fastlegane sitt ansvar.

Modellen er drøfta med legane i Nordfjord. Dei er i hovudsak positive til modellen, men med 25 legar vil det alltid vere noko ulike synspunkt.. Modellen bør evaluerast etter 6 mnd. drift og evt. justere fordeling på oppgåver mellom fastlegar og vikarlager. På litt lengre sikt vil ein prøve å rekruttere fast tilsette legar som i hovudsak arbeider som legevaktlegar. Utviklinga går i retning av meir

profesjonalisert legevakt, legar som i hovudsak arbeider i legevakt (på linje med system ein har i større legevaktsområde).

Modellen kan enkelt utvidast til interkommunal legevakt frå kl 1600 til 20.00 på kvardagar utan auka kostnad, mens kommunane vil få ei innsparing på lokal vakt. Ei slik endring vil gje lengre reiseveg til legevakt på kveld og vil truleg opplevast negativ sett frå publikum si side. Dersom dette vert gjennomført i alle kommunar, vil det gje ei samla innsparing i kommunane på ca. kr.350.000,- I ein slik modell må det gjerast tilpassingar som sikrar at fastlegar/turnuslegar får tilstrekkeleg med legevakt for å få godkjent/fornya sin spesialitet.

Konklusjon

Selje kommune sluttar seg til ny driftsmodell for Nordfjord legevakt slik det går fram av punkt 2 i saksutgreiinga med oppstart 16.09.2013

Saksgang

Kommunestyre gjere endeleg vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

1. Selje kommune sluttar seg til ny driftsmodell for Nordfjord legevakt slik det går fram av punkt 2 i saksutgreiinga. Oppstart frå 16/9-13.
2. Lokal legevakt på kvardagar vert frå 16/9-13, redusert med 2 timar, til tidsrommet mellom kl.16.00 til kl. 20.00 (Tidlegare til kl.22.00)
3. Legetilsyn ved ØH senger på kveld og dag på helg, vert finansiert ved at avdeling for ØH senger kjøper legetenester for 0,5 mill. pr. år frå NLV.
4. Budsjett for NLV vert auka med kr. 213.000 på årsbasis til dekking av auka kostnad med leigeavtale og rekruttering av ny legevaktsjef. For 2013 vert budsjettet styrka med kr. 100.000

Handsaming i Driftsutvalet - 14.03.2013

7 voterande.

Framlegg frå Driftsutvalet:

Som tilråding frå administrasjonen med fylgjande tillegg:

Auka kostnader til Nordfjord legevakt vert finansiert over ansvar 432-legetenesta. Ansvar 432 må tilførast tilsvarande auke med kr. 30.000,- for budsjettåret 2013.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 2 røyster for.

Framlegg frå Driftsutvalet fekk 5 røyster for.

KU-017/13 FRAMLEGG

Som framlegg frå Driftsutvalet.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	14.03.2013	018/13
Formannskapet	20.03.2013	031/13
Kommunestyret	20.03.2013	016/13

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Åse Elin Hole	FA-G00, TI-&23	12/995

Felles øyeblikkelig hjelp-senger med døgnopphald for kommunane Selje, Vågsøy, Eid, Hornindal og Stryn - Godkjenning av forprosjektrapport og oppstart av tilbudet

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
6	I	12.03.2012	Helsedirektoratet	Tilskudd til etablering og drift av øyeblikkelig hjelp døgnopphold i kommunene 2012
5	I	02.11.2012	Helse Vest	Planer for etablering av døgntilbud for øyeblikkelig hjelp
7	I	27.02.2013	Helse Førde HF	Særavtale om døgntilbud for øyeblikkelig hjelp
10	I	06.03.2013	Eid kommune v/Kari Krogh	Saksutgreiing 5 ØH
9	I	06.03.2013	Eid kommune v/Kari Krogh	Søknad om driftsmidler ØH-sengar 2013

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
06.03.2013	Forprosjektrapport 28.02.13.pdf	43503
11.09.2012	endeleg rapport, fase2, forstudie.pdf	38509
06.03.2013	Søknad om driftsmidler ØH-sengar 2013.pdf	43502

Saka gjeld

- Godkjenning av forprosjektrapport (fase 2 i prosjektet) om ØH-senger og framlegg til driftsmodell.
- Godkjenning av oppstart av tilbudet ØH-senger med døgnopphald i 2013.

Saka skal til politisk handsaming i alle deltakarkommunane.

Opplysningar til saka

Kommunane Selje, Vågsøy, Eid, Hornindal og Stryn har sidan 2011/2012 samarbeidd om prosjektet Felles Øyeblikkeleg hjelp (ØH)-senger med døgnopphald. Fase 1, forstudierapporten, konkluderte med at kommunane skulle samarbeide om å etablere og drifte eit ØH-tilbod med 5 senger, lokalisert til Nordfjord Sjukehus. Hovudmålet og mandatet for fase 2 var å utarbeide ein felles driftsmodell for samarbeidskommunane, som skal etablerast i løpet av 2013. Det er knytt strenge kvalitets- og kompetansekrav¹ til ordninga, og i rapporten heiter det at kommunane vanskeleg kan greie slike oppgåver einskildvis.

Saksutgreiing

Organisering og framdrift av forprosjektet: Forprosjektet har same organiseringa som fase 1, forstudien, men i fase 2 har det ikkje vorte innleigd prosjektstøtte (jf. Kap. 3.1 i rapporten). Helse Førde har hatt representantar i prosjektgruppa og i styringsgruppa i fase 2. Prosjektgruppa har i stor grad halde milepælar og tidsfristar, men har måtta utsetje den politiske handsaminga til mars/april, for å kunne synkronisere sakene om ØH-senger og styrking av legevakta. Dessutan har det teke tid å få til naudsynte økonomiske avklaringar med Helse Førde.

Forpliktande samarbeid med helseføretak:

I lovverket ligg no også ei plikt til å inngå samarbeidsavtale mellom kommunar og helseføretak (kap. 6 i Lov om helse- og omsorgstjenester), og parallelt med arbeidet med forprosjektet har det vorte arbeidd med særavtale og driftsavtale. Det skal også utarbeidast ein interkommunal vertskommuneavtale.

Kommunane sitt ansvar for tilbod om ØH-senger med døgnopphald:

Frå 2016 får kommunane plikt til å etablere øyeblikkeleg hjelp med døgnopphald. Ordninga skal innførast gradvis fram mot 2016. Kommunane får statleg tilskot som stimulans til å kome i gang med ordninga tidlegare, førebels som øyremerkte tilskot. Frå 2016 går tilskotet inn i rammetilskotet. Denne plikta er den einaste nye oppgåva som kommunane får etter Samhandlingsreforma. Plikta er heimla i Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester, 2012, §3-5. Kommunane har ansvar for at tilbodet om øyeblikkeleg hjelp med døgnopphald til innbyggjarane er forsvarleg (jf. Helse- og omsorgstjenestelova, §4-1). Det er vanleg at fastlegen, sjukeheimslegen eller legevakslegen føretek den konkrete vurderinga av kvar pasienten bør få behandling (Helsedirektoratet, 2012). Kommunane kan ikkje påleggje fastlegane å ha tilsynsoppgåver til ØH døgnopphald-pasientar innafor legane si pliktfesta tidsramme på 7,5 timar pr veke til offentleg arbeid, og er i dag avhengige av frivillige avtalar om dette.

Prosjektgruppa si tilråding:

¹ Sjukepleiar heile døgnet og kort responstid for lege heile døgnet.

Etter at fleire alternativ har vorte vurderte, tilrår prosjektgruppa ein modell med kjøp av mest alle støttetjenester og pleieressursar frå HF. Sjukepleiarar frå legevaktformidlinga skal ha ansvar for ØH-sengene nokre netter i veka. Eigen tilsynslege og Nordfjord legevakt (NLV) skal ha det medisinskfaglege ansvaret i ØH-tilbodet, og det har vorte arbeidd med ei heilt naudsynt styrking av NLV, for å kunne oppfylle krav om ei tilgjengeleg og forsvarleg legeteneste i tilbodet. Parallelt med ØH-prosjektet har kommunalsjefane difor hatt samarbeidsprosessar med fastlegane og arbeidd fram ein modell for styrking av NLV. Ei viss styrking var det behov for, uavhengig av dei nye sengeplassane. Legeberedskap og utrykking til ØH-tilbodet vert finansiert av driftstilskotet. Nærare detaljar i organiseringa av ØH døgnopphald-tilbodet går fram av kap. 7 i forprosjektrapporten.

I det følgjande vert ei grovskisse av budsjettet for ØH døgnopphald presentert:

<i>Kjøp av tenester frå HF:</i>	<i>Kostnad:</i>
Kjøp av personale/sjukepleiarar.	
Del av administrative kostnader.	
Forbruksmateriell.	
Leige av areal.	
Andre tenester, støttetjenester.	
I alt	3 450 000
<i>Kommunane sine utgifter:</i>	
Tilsynslege, 0,3 årsverk.	350 000
Legevakt, tilsyn og beredskap	500 000
Koordinator/leiar, 1 årsverk.	360 000
Medisinar.	60 000
Nattevakt, kjøp av ca 1 årsverk frå NLVS.	750 000
Til saman	2 020 000
I alt	5 470 000

Tabell 1

Kommunane er ikkje i mål med alle detaljar i forhandlingane med Helse Førde når saka vert sendt ut. Mandatet til prosjektet er å halde seg innafor ovannemnde ramme.

Interkommunale tilbod ved Nordfjord Sjukehus, oppsummering av sambruk av personell/faglege og økonomiske synergjar:

Tilbod	Sambruk/synergjar.
ØH	Kommunane skal kjøpe ca. 4 årsverk sjukepleiarar frå HF. Dei skal samarbeide med sjukepleiarar frå NLVS.
	Det skal tilsetjast kommunal tilsynslege, 30%. Stillinga bør kombinerast med ledig 20% stilling som medisinskfagleg rådgjevar/legevaksjef for NLV.
	Det skal tilsetjast kommunal leiar/ koordinator i 70% stilling. Kommunal leiar skal samarbeide med einingsleiar ved med.avd. Det vil føre til ei generell styrking av samarbeidet mellom kommunane og NSH/medisinske tenester.
	Hospiteringsstilling sjukepleiarar, helsefagarbeidarar og studentar, 50%, med atterhald om det vert mogleg innafor dei økonomiske rammene. Det vert ei generell styrking av med.avd.
NLV	NLV har ledig ein 30% administrativ leiarfunksjonson. Denne vert lagt til 70% leiar-/koordinatorstilling for ØH-sengene. Leiar/koordinator kan såleis samordne alle interkommunale tilbod.
	Legevakta har ansvar for beredskap/utrykking til ØH ved behov, kveld/natt/helg. Ho har rett på råd og rettleiing frå spesialisthelsetenesta (responstid på under 1 time).
	20% ledig stilling som medisinskfagleg rådgjevar/legevaksjef vert kombinert med tilsynslegefunksjon for ØH.
NLV S	Det er tilsett 4 årsverk sjukepleiarar ved NLVS. Fire netter i veka (utgjer 1,2 årsverk) skal sjukepleiarane ha ansvar for ØH-sengene. Dei har med legevakttelefon, og kan raskt setje over til legevakslege. Erfaring viser at det er få telefonar på natt.

Tabell 2

Lover/regelverk

- Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester, 2012, §3-5.
- Delavtale med Helse Førde om ØH døgnopphald, 2012.
- Framlegg til særavtale om ØH døgnopphald, 2013 (sjå eiga sak).
- Kommunenes plikt til øyeblikkelig hjelp døgnopphold. Veiledningsmateriell, Helsedirektoratet 02/2012, revidert januar 2013.

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/kommunenes-plikt-til-oyeblikkelig-hjelp-dognopphold-veiledningsmateriell/Publikasjoner/veiledningsmateriell-for-kommunenes-plikt-til-hjelp.pdf>

Finansiering

Selje kommune får eit øyremerka tilskot på kr. 725 496,- i 2013. Desse midlane skal overførtast til vertskommunen, Eid. Jft punkt 4.2 Finansiering i forprosjektrapport..

Sakshandsamar si vurdering

Tabell 2 oppsummerer resultatet av forhandlings- og samordningsprosessane i dei tre interkommunale tilboda ved Nordfjord Sjukehus. Sambrukperspektivet har vore eit berande

prinsipp i heile forprosjektprosessen. Både felles bruk av ei styrka legevakt og sambruk av personell frå NLVS er ein heilt naudsynt måte å organisere på for å kunne takle ØH-døgnopphald-tilbodet innafør tildelt økonomisk ramme.

Modellen som prosjektgruppa tilrår, oppfyller alle krav til fagleg forsvarlegheit, og kostnadene på tiltaka ligg innanfor storleiken på tilskotet og den økonomiske driftsramma. For å kunne oppfylle kravet om forsvarlege tenester måtte Nordfjord legevakt oppgraderast. Legetenesta er eit hovudelement i eit forsvarlegheitsperspektiv når det gjeld ØH-tilbodet.

Eit uklart avtaleverk når det gjeld legane si rolle i den nye ØH-oppgåva som kommunane har fått gjennom Samhandlingsreforma, har komplisert planleggingsprosessen. Medisinske tilsynsoppgåver i ØH-tilbodet ligg ikkje innafør pliktene som fastlegane har når det gjeld offentleg arbeid. Det vart difor naudsynt å tilsetje ein eigen tilsynslege. Og med ein fast tilsynslege i kombinasjon med styrkinga av legevakta, vil nordfjordkommunane få eit fagleg godt og fullverdig tilbod. Alle detaljar er ikkje på plass, men det er planlagt faste evalueringstidspunkt, og at det skal vere ei open og fagleg tilnærming til justeringar som evt. må gjerast.

Prosessen har vore både krevjande og lærerik med tanke på at grunnleggjande samhandlingselement skulle prøvast ut i praksis. Ulik forvaltningspraksis i HF og kommunane har vore ufordrande, og nokre gongar har slike ulikskapar hindra flyten i samarbeidet. Samstundes har samarbeid og forhandlingar ført til ny kunnskap og ei betre forståing for sams utfordringar. Ei slik forståing er ei viktig erfaring og grunnlag for det vidare samarbeidet som må til for at alle tenester ved Nordfjord Sjukehus i det vidare skal verte utviklande, berekraftige og tenlege for innbyggjarane. Mykje arbeid står att når det gjeld oppbygging og etablering ØH-tilbodet og samordning av tenestene. Difor er det viktig å få leiar/koordinator og tilsynslege på plass så snart som mogleg.

Konklusjon

Selje kommune tilsluttar seg driftsmodellen for samhandlingsprosjektet slik den ligg føre i saksframlegget.

Saksgang

Kommunestyret gjer endeleg vedtak.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

1. Forprosjektrapporten og framlegget til fagleg og økonomisk driftsmodell for samhandlingsprosjektet: Felles øyeblikkeleg hjelp-senger med døgnopphald for Nordfjordkommunane Selje, Vågsøy, Eid, Hornindal og Stryn, vert godkjend slik det går fram av vedlegget og tabell 1 i saksutgreiinga.
2. Søknaden om driftsmidlar 2013 vert godkjend slik det går fram av vedlegget.
3. Fem øyeblikkelig hjelp-senger skal leggjast til medisinsk avdeling ved Nordfjord Sjukehus, og drifta skal starte opp 01.10.13.

4. Eid kommune vert vertskommune for ordninga, og det skal utarbeidast ein vertskommuneavtale våren 2013 (Kommunelova §28). Vertskommuneavtalen skal omfatte legevaktformidling, legevakt og kreftkoordinator.
5. Nordfjordkommunane skal kjøpe pleietenester og alle støttetjenester frå Helse Førde.
6. Det skal tilsetjast tilsynslege i 30% stilling, frå mai/juni 2013. Eid kommune skal vere arbeidsgjevar.
7. Det skal tilsetjast leiar/koordinator i 100% stilling for alle interkommunale tilbod ved Nordfjord Sjukehus, frå mai/juni 2013. 70% av stillinga skal finansierast av driftstilskotet, 30% ligg inne i budsjettet for legevakta. Eid kommune vert arbeidsgjevar.
8. Ramma for etableringa tilbodet om Øyeblikkeleg hjelp med døgnopphald er statstilskotet på kr 5 470 000,- (2013).

Handsaming i Driftsutvalet - 14.03.2013

7 voterande.

Framlegg frå Driftsutvalet:

Som tilråding frå administrasjonen med fylgjande tillegg som punkt 9:

Selje kommune får eit øyremerka tilskot på kr. 725 496,- i 2013. Desse midlane skal overførast til vertskommunen, Eid. Jft. Punkt. 4.2 Finansiering i forprosjektrapport.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 2 røyster for.

Framlegg frå Driftsutvalet fekk 5 røyster for.

KU-018/13 FRAMLEGG

Som framlegg frå Driftsutvalet.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	14.03.2013	019/13
Formannskapet	20.03.2013	032/13
Kommunestyret	20.03.2013	017/13

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Åse Elin Hole	FA-G00, TI-&23	12/995

Særavtale om døgntilbud for øyeblikkelig hjelp

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
6	I	12.03.2012	Helsedirektoratet	Tilskudd til etablering og drift av øyeblikkelig hjelp døgnopphold i kommunene 2012
5	I	02.11.2012	Helse Vest	Planer for etablering av døgntilbud for øyeblikkelig hjelp
7	I	27.02.2013	Helse Førde HF	Særavtale om døgntilbud for øyeblikkelig hjelp
10	I	06.03.2013	Eid kommune v/Kari Krogh	Saksutgreiing 5 ØH
9	I	06.03.2013	Eid kommune v/Kari Krogh	Søknad om driftsmidlar ØH-sengar 2013

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
06.03.2013	Særavtale om døgntilbud for øyeblikkelig hjelp	43512
06.03.2013	Avtaledokument	43513
06.03.2013	Vedlegg til særavtale	43514

Saka gjeld

Tilslutnad til særavtale om døgnopphald for øyeblikkelig hjelp, mellom Selje kommune og Helse Førde HF.

Denne særavtalen skal konkret avklare eit tilbod om øyeblikkelig hjelp med døgnopphald i Selje kommune i samsvar med lovkravet.

Avtalen gjeld tilbod til pasientgrupper som før iverksetjing av avtalen ville ha blitt innlagt i sjukehus.

Opplysningar til saka

Kommunane sitt tilbod om øyeblikkeleg hjelp skal nedfellast i samarbeidsavtale mellom kommunar og regionale helseføretak/ helseføretak.

Forpliktande samhandlingsavtaler er eit sentral verktøy i gjennomføring og oppfølging av samhandlingsreforma.

Særavtala er utarbeidd og grundig gjennomgått i eit samarbeid mellom ei arbeidsgruppe sett saman av personar frå kommunane og Helse Førde. Føremålet har vore å drøfte rammene for ein særavtale om kommunalt tilbod om øyeblikkeleg hjelp med døgnopphald.

Lover/regelverk

Avtalen er heimla i helse- og omsorgstenestelova § 6-1 og § 6-2, pkt 4 og i spesialisthelse-tenestelova § 2-1e, 2.ledd 1. setn.

Avtalen er vidare heimla i rammeavtalen mellom Selje kommune og Helse Førde (vedteken 29.02.2012), pkt. 4 og i delavtale mellom Selje kommune og Helse Førde HF om øyeblikkeleg hjelp-tilbod med døgnopphald, pkt 6.1 (vedteken 16.05.2012).

Finansiering

Øyeblikkeleg hjelp-tilbodet vil bli finansiert av eigne tilskotsmidlar som for Nordfjord-kommunane er stipulert til kr 5 470 000,- pr. år.

Sakshandsamar si vurdering

Selje kommune sluttar seg til særavtale slik den ligg føre.

Saksgang

Kommunestyret gjer endeleg vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune sluttar seg til særavtala slik den ligg føre .

Handsaming i Driftsutvalet - 14.03.2013

7 voterande.

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 5 røyster for og 2 røyster mot.

KU-019/13 FRAMLEGG

Som tilrådinga frå administrasjonen.

